

NAVF'S

UTREDNINGSINSTITUTT

NORGES
ALMENVITENSKAPELIGE
FORSKNINGSRÅD

INSTITUTE FOR STUDIES IN RESEARCH
AND HIGHER EDUCATION

The Norwegian Research Council
for Science and the Humanities

1980:1

Utgreiingar om forskning
og høgre utdanning

Norske studentar og kandidatar i 1979

Norwegian Students and
Graduates in 1979

1980:1

Utgreiingar om forskning
og høgre utdanning

**Norske studentar og
kandidatar i 1979**

Norwegian Students and
Graduates in 1979

F O R O R D

Denne meldinga legg fram statistikk over norske studentar ved universitet og tilsvarande institusjonar i tida 1960-1979. Her er oppgåver over nye studentar og samla tal på studentar etter fagstudium og kjønn. Meldinga innheld òg statistikk over uteksaminerte kandidatar etter fagområde og kjønn. Dessutan er det tatt med oversyn over talet på studentar ved distriktshøgskolane etter studieretning, lærestad og kjønn.

Arbeidet med å samla inn opplysningane og å redigere publikasjonen er i år gjort av Fride Eeg-Henriksen etter eit opplegg som har vore brukt på instituttet sidan 1968.

Oslo, juni 1980

NAVF's utredningsinstitutt


Sigmund Vangsnes

I N N H A L D

| | Side |
|---|------|
| FIGURAR | 8 |
| TABELLAR | 8 |
| SAMANDRAG | 11 |
| 1. STATISTIKGRUNNLAG, DATAINNSAMLING OG OMFANG | 18 |
| 2. TILGANG PÅ STUDENTAR | 20 |
| 2.1. Tilgang til akademiske lærestader i Noreg | 20 |
| 2.2. Tilgang til studium i utlandet | 23 |
| 2.3. Andel nye studentar i ulike årskull | 25 |
| 3. ALDEREN TIL STUDENTANE | 32 |
| 4. STUDENTAR I ALT | 34 |
| 4.1. Studentar ved akademiske lærestader i Noreg | 34 |
| 4.2. Norske studentar i utlandet | 37 |
| 4.3. Studentar i Noreg og norske studentar i utlandet | 38 |
| 5. KANDIDATAR UTEKSAMINERT FRÅ AKADEMISKE LÆRESTADER | 49 |
| 6. KVINNELEGE STUDENTAR | 53 |
| 6.1. Tilgang på kvinnelege studentar | 53 |
| 6.2. Kvinnelege studentar i alt | 55 |
| 6.3. Uteksaminerte kvinnelege kandidatar | 58 |
| 7. STUDENTAR VED DISTRIKTSHØGSKOLANE | 61 |
| 7.1. Tilgang på studentar | 61 |
| 7.2. Samla studenttal | 61 |
| SUMMARY IN ENGLISH | 69 |
| TIDLEGARE UTGÅVER AV MELDINGA | 72 |

FIGURAR

| | Side |
|--|------|
| <u>Figur I</u> Studentar totalt og ved lukka studium ved norske akademiske lærestader etter år, registrert i haustsemestret..... | 12 |
| <u>Figur II</u> Samla tal på studentar ved norske og utanlandske lærestader etter studium og år..... | 13 |

TABELLAR

| | |
|---|----|
| <u>Tabell 2.1.</u> Tilgang på studentar ved norske akademiske lærestader etter fag og immatrikulerings/opptaksår..... | 26 |
| <u>Tabell 2.2.</u> Tilgang på norske studentar ved utanlanske akademiske lærestader etter fagstudium og år | 29 |
| <u>Tabell 2.3.</u> Prosentdel av aldersgruppene 18-29 år som har byrja å studere for ulike år | 30 |
| <u>Tabell 2.4.</u> Alderskumulerte prosentdelar av fødselskulla 1948-60 som har byrja å studere ved alder 18-30 år (dvs. perioden 1966-1978)..... | 31 |
| <u>Tabell 3.1.</u> Nye studentar til universitetssektoren etter aldersgrupper og år. Prosentfordelt..... | 33 |
| <u>Tabell 4.1.</u> Samla tal på studentar ved norske akademiske lærestader etter fagområde og år, registrert i haustsemestret. Absolutte tal og prosentfordeling..... | 39 |
| <u>Tabell 4.2.</u> Samla tal på studentar ved norske akademiske lærestader etter fag på dei einsskilte lærestadene, og år, registrert i haustsemesteret | 42 |
| <u>Tabell 4.3.</u> Samla tal på studentar ved universiteta i Bergen, Oslo, Tromsø og Trondheim (ekskl. Noregs tekniske høgskole) etter fakultet, avdeling og år, registrert i haustsemestret. Absolutte tal og prosentdel i høgre avdeling..... | 45 |
| <u>Tabell 4.4.</u> Samla tal på norske studentar ved utanlandske lærestader etter studium og år, registrert i vårsemesteret påfølgjande år | 47 |
| <u>Tabell 4.5.</u> Samla tal på studentar ved norske akademiske lærestader og norske studentar ved utanlandske akademiske lærestader etter år | 48 |

| | Side |
|--|------|
| <u>Tabell 5.1.</u> Kandidatar frå norske og utanlandske lærestader etter kandidatgruppe og uteksamineringsår. Absolutte tal | 50 |
| <u>Tabell 5.2.</u> Kandidatar frå norske og utanlandske lærestader prosentfordelt på kandidatgruppe for ulike uteksamineringsår | 52 |
| <u>Tabell 6.1.</u> Prosentdel kvinner av tilgangen på studentar etter lærestad og år..... | 54 |
| <u>Tabell 6.2.</u> Prosentdel kvinner av samla studenttal ved norske akademiske lærestader etter fagområde og år, registrert i haustsemestret..... | 57 |
| <u>Tabell 6.3.</u> Prosentdel kvinner av dei ulike kandidatgruppene uteksaminert ved norske og utanlandske lærestader for ulike år..... | 59 |
| <u>Tabell 7.1.</u> Tilgang på fulltidsstudentar ved distriktshøgskolane etter studieretning og år..... | 63 |
| <u>Tabell 7.2.</u> Tilgang på fulltidsstudentar ved distriktshøgskolane prosentfordelt på studieretningar for ulike år..... | 65 |
| <u>Tabell 7.3.</u> Samla tal på fulltidsstudentar ved distriktshøgskolane etter studieretning og år..... | 66 |
| <u>Tabell 7.4.</u> Samla tal på fulltidsstudentar ved distriktshøgskolane prosentfordelt på studieretning og år..... | 67 |
| <u>Tabell 7.5.</u> Fulltidsstudentar ved distriktshøgskolane etter skolefylke. Studentar i alt og prosentdel kvinner | 68 |

SAMANDRAG

Nye studentar i Noreg (tabell 1.1)

Talet på nye studentar ved akademiske lærestader i Noreg var i 1979 omtrent 10.400. Dette er omlag 1.300 (14 prosent) fleire enn året før, og 400 fleire enn i 1975. Talet nådde ein topp dette året, men gikk så ned dei neste to åra.

Vel 42 prosent av dei nye studentane var registrerte på examen philosophicum i 1979. Dessutan er definisjonen av ny student ikkje eintydig. Difor er det ikkje råd å trekke endelege slutningar om korleis tilgangen på studentar var delt på fagområde.

Det kan likevel sjå ut til at auken i talet på nye studentar mellom 1978 og 1979 i stor grad kom frå auken i ex.phil. og realfag. Veksten på realfag er noko nytt - det meldte seg fleire studentar her enn noko år sidan 1960. Tilgangen til ex.phil. har auka mykje kvart år. Men talet på nye studentar til samfunnsfag har òg gått opp frå 1978. Det har likevel halde seg på omlag same nivå sidan midten av 70-talet, rundt 8-900, medan tilstrøyminga var størst i byrjinga av 70-talet med over 1.000 nye studentar kvart år.

Det ser ut til å vere omlag like mange nye filologistudentar i 1979 som i 1978. Talet har kan hende stabilisert seg etter ein heller sterk nedgang frå midten av 70-talet. Ingeniørfag derimot hadde nokre færre nye studentar enn året før. Tilgangen her er likevel på omlag same nivået som det har vore sidan midten av syttitalet, dvs. rundt 900, eller omlag 100 færre enn til realfagstudiet i 1979.

Ein må heilt attende til perioden før 1972 for å finne færre nye jusstudentar enn i 1978 og 1979. Tilstrøyminga her ligg no rundt 500 kvart år, mot t.d. over 700 i 1976.


Andel nye studentar i kvart årskull (tabell 2.1 og 2.2)

Den sterke auken i talet på nye studentar i første halvdel av 1970-åra kom av at studiefrekvensen gikk opp i alle dei aktuelle aldersgruppene. Særskilt sterk var auken for 19, 20 og 21-åringar. Tilstrøyminga minka mellom 1975 og 1977, og voks igjen til 1978. Dette mønstret finn vi òg att i studiefrekvensane for dei fleste aldersklassene. Likevel kom hovuddelen av nedgangen frå 19 til 23-åringar, og størstedelen av veksten frå 20 og 21-åringane. 19, 20 og 21-åringane hadde høgast studiefrekvens både i 1966 og i 1978.

Alder (tabell 3.1)


Dei nye studentane er gjennomgåande eldre enn før. Talet på nye studentar som var 25 år eller eldre auka frå 14 prosent i 1966, til 17.5 prosent av tilgangen i 1970 til 24.3 i 1978. Auken skjedde hovudsakeleg i åra 1968-74. Av dei nye studentane i 1978 var 15.9 prosent av kvinnene 30 år eller eldre. Det tilsvarande talet for menn var 11.4 prosent.

Figur I. Studentar totalt og ved lukka studium ved norske akademiske lærestader etter år, registrert i haustsemestret.¹⁾



1) Figuren er laga frå tal i tabell 4.1 side 39. Med lukka studium meiner vi her dei "tradisjonelt lukka" studia, medisin (Tromsø frå 1973, Trondheim frå 1975), odontologi, veterinær, sivilingeniør og arkitekt, farmasi, Handelshøgskolen, Musikkhøgskolen frå 1973, Nordisk høgskole for hushaldsvitenskap frå 1966, Idrettshøgskolen frå 1968.

Figur II. Samla tal på studentar ved norske og utenlandske lærestader etter studium og år.¹⁾



1) Figuren er laga på grunnlag av tabell 4.1 side 39 og tabell 4.4 side 47.!

2) Utenlandsstudentar er med her.

Samla studenttal i Noreg (tabell 4.1, 4.2 og 4.3, figur I og II)

Det totale talet på studentar ved norske akademiske lærestader hausten 1979 var rundt 40.500 eller 1.400 (3.5 prosent) fleire enn året før. Etter ein liten nedgang i studenttalet frå 1975, har det igjen auka noko frå 1978. Ein har no nesten nådd nivået frå 1975, da studenttalet var på sitt høgaste etter ein jamm vekst sidan slutten av femtitalet.

Det er i størst grad talet på ex.phil.studentar som har auka mellom 1978 og 1979, men talet på studentar ved matematisk-naturvitskapelege fag har òg gått opp. Mellom 1975 og 1978 minka talet på filologistudentar sterkt, men nedgangen har ikkje halde fram til 1979. Talet på studentar innan samfunnsvitskap og jus var omlag som i 1978.

Utanom ex.phil. er det framleis humaniora som har flest studentar, med rundt 8.000 i 1979. Ein sterk auke i studenttalet her gikk føre seg på sekstitalet - frå rundt 3.000 i 1960 til omlag 8.000 i 1969. Talet steig så til rundt 10.000 i 1975, men er no omtrent som i 1970. Prosentdelen av studentane som studerer historisk-filosofiske fag har stadig gått ned. Omlag 20 prosent av studentane i Noreg studerte slike fag i 1979 mot nær 27 prosent i 1970. I sekstiåra varierte dei tilsvarande tala mellom 26 og 30 prosent.

I samfunnsvitskapelege fag auka studenttalet òg sterkt gjennom 1960-åra og fram til 1971, da talet låg rundt 6.000. I byrjinga av 70-talet var det 20 prosent av studentane i Noreg som studerte desse faga (studentane ved Handelshøgskolen er da rekna med). Seinare har prosentdelen minka att, men området er framleis det nest største med 17 prosent av studentane i 1979.

Ved matematisk-naturvitskapelege fakultet har talet på studentar auka jamnt. På byrjinga av sekstitalet studerte omlag 2.400 desse faga, medan talet i 1979 låg noko over 5.000. Men realistane sin andel av heile studentmassen har likevel minka frå vel 20 til omlag 12.5 prosent på denne tida. Ved sivilingeniørstudiet har talet på studentar auka tilsvarande i same periode - frå 1.800 til rundt 4.000. Her har det òg vore ein relativ nedgang, frå omlag 16 i 1961 til 9 prosent midt i 70-åra. For dei siste tre åra har det vore ein liten relativ vekst slik at prosenten no er 10.

Talet på juridiske studentar steig jamnt frå mellom 800 og 1.400 i perioden 1961-1965 til rundt 4.000 i 1974-75. Etter det var det ein viss auke i nokre år, men talet for både 1978 og 1979 var rundt 4.000 att. Den relative delen har òg vakse - frå snautt 7 prosent til nær 11 prosent frå byrjinga av 60-åra fram til 1977. Andelen av studentane som les jus er no nær 10 prosent. Det er berre jus, landbruksfag og veterinærmedisin samla og human medisin som, ved siden av ex.phil., har auka talet på studentar sterkare enn den totale veksten i atudentmassen sidan 1970.

Lærestader (tabell 4.3)

I 1979 studerte 47.7 prosent av studentane ved Universitetet i Oslo. Om vi tar med heile Oslo-regionen, var 54.6 prosent av studentane ved lærestadene: Universitetet i Oslo, Pedagogisk seminar, Arkitekthøgskolen i Oslo, Det teologiske Menighetsfakultet, Noregs veterinærhøgskole, Noregs landbrukshøgskole, Noregs musikkhøgskole, Noregs idrettshøgskole. 21.5 prosent av studentmassen var i Bergen, dvs. ved Universitetet og Noregs handelshøgskole. Universitetet i Trondheim hadde 19.6, og Universitetet i Tromsø 3.9 prosent av studentane i 1979.

Norske studentar i utlandet (tabell 2.2 og 4.4)

Oppgåvene over norske studentar i utlandet byggjer på statistikk over søkjarar til studiestønad frå Statens lånekaske for utdanning. Oversynet frå 1979 syner at talet på nye studentar var omlag 780, som er ein nedgang frå året før. Ingeniør- og handelsfag har minka sterkast. Samla tal på norske studentar i utlandet var omlag 2.700 i 1979, som er ein liten auke frå året før, men nær stillstand om vi held samlegruppa "Andre fag" utanom. Det er ein liten nedgang på ingeniørfag og veterinærmedisin, og ein vekst på handelsfag som er det største utanlandsstudiet med rundt 950 studentar. Medisin er nest størst med noko over 400.

Uteksaminerte kandidatar i Noreg og utlandet (tabell 5.1 og 5.2)

I 1979 vart det uteksaminert vel 4.600 kandidatar ved universitet og vitskapelege høgskolar i Noreg. I tillegg var det omtrent 680 kandidatar frå utanlandske lærestader i medisin, odontologi, veterinærmedisin, ingeniørfag, arkitektfag og handelsfag. Det samla kandidatkullet i 1979 var da på 5.300 kandidatar mot rundt 4.400 i 1970. Tala for 1979 er førebels oppgaver, og alle tala er særst usikre for utanlandsstudentane.

Av kandidatane i 1979 var 20.9 prosent filologar (cand.philol., mag.art., og cand.mag.), 15.7 prosent av dei var sivilingeniørar, og 14.8 prosent realistar (cand.real., cand.scient. og cand.mag.) Samfunnsvitarar og siviløkonomar var omlag like store grupper, og sto for tilsaman rundt 20 prosent av kullet. Ein særst stor del av siviløkonomane er utdanna i utlandet, rundt 65% i 1979. 7.6 prosent av kandidatane var juristar og 8.8 prosent medisinarar same året.

Talet på uteksaminerte filologar har auka med rundt 17 prosent sidan 1970. Det er berre litt mindre enn vi skulle vente ut frå veksten i talet på alle kandidatar. Dei var omlag ein like stor del av kullet i 1979 som i 1970. Talet på samfunnsvitarar derimot, har gått sterkare opp enn talet på kandidatar samla. Dei var 8.5 prosent av kullet i 1970 og 10.2 prosent i 1979. Det var relativt fleire sivilingeniørar i 1970 - 23.1 prosent, m.a. fordi så mange vart utdanna utanlands da. Rekna relativt var realistane omlag like store da som no, rundt 15 prosent.

Kvinner (tabell 6.1, 6.2 og 6.3)

I 1979 byrja 5.100 kvinner å studere ved akademiske lærestader i Noreg, dvs. at ca. 50 prosent av dei nye studentane var kvinner. Kvinneandelen har stige jamnt sidan rundt 1960. I 1962 var nær 1/4 av dei nye studentane kvinner, og i 1970 rundt 1/3.

Talet på kvinnelege studentar i Noreg i alt var rundt 16.400 hausten 1979, dvs. 40.5 prosent av det samla studenttalet. Prosentdelen i 1970 derimot var 28.1. I mest alle studium har det vore ein aukande del kvinner sidan sekstitalet. Oppgangen er særleg tydeleg for nokre av dei tradisjonelt mannsdominerte studia. Veksten i prosentandel i tida 1970 til 1979 var størst i veterinærmedisin - frå 11.6 til 38.7. Så følgjer statsvitskap med oppgang frå 12.4 til 32.7 og odontologi med 25 til 43.3 prosent. I jus har òg auken vore stor - frå 16.6 prosent kvinner i 1970 til 34.8 i 1979, i medisin med ein vekst frå 17.3 til 34.9 prosent i same periode og landbruksfag med 7.6 til 24.6. På arkitektstudiet har kvinneandelen stige frå 18.5 til 32.3 prosent, og på handelshøgskolestudiet har kvinnene auke frå 6.5 til 19.5 prosent i perioden 1970 til 1979. Alle desse studia har hatt større vekst i prosentdelen kvinner enn auken i kvinneandel for studenttalet samla. Kvinneandelen i ingeniørfag er framleis låg med 8.7 prosent i 1979.

Det vart uteksaminert omlag 1.300 kvinner ved norske akademiske lærestader i 1979 og rundt 80 norske kvinner i utlandet, dvs. at 25.1 prosent av kandidatkullet var kvinner. Prosenten var 15.7 i 1970. Den klårt største gruppa var filologane med 42.7 prosent. Ein ser altså at ein relativt større del av kvinner enn av menn er filologiske kandidatar. Omlag 12.7 prosent av dei kvinnelege kandidatane var samfunnsvitarar. 10.6 prosent var realistar og 4.2 prosent siviløkonomar. Dei mannlege kandidatane var oftare både siviløkonomar og realistar enn kvinnene. Det same gjaldt sivilingeniørar. Relativt var kvinnene noko oftare samfunnsvitarar (siviløkonomi unnatatt) enn menn.

Distriktshøgskolane (tabell 7.1 - 7.5)

Rundt 2.800 studentar byrja å studere ved dei tolv distriktshøgskolane våre i 1979. Det samla talet på fulltidsstudentar var da kome opp i

4.500. Økonomisk-administrativ studieretning hadde den største prosentdelen av studentane, slik det òg har vore i alle dei åra desse skolane har funnest. I 1979 følgde 29 prosent denne studieretninga. Samfunnsfaglege og filologiske og humanistisk/estetiske studieretningar hadde òg relativt mange av studentane ved distriktshøgskolane. I 1979 studerte nær 18 prosent av studentane ved distriktshøgskolane samfunnsfag (21 om vi tar med pedagogikk), og 17 prosent filologiske og humanistisk/estetiske fag. Dette var òg dei tre største studieretningane i 1972, men samfunnsfag og filologiske-humanistisk/estetiske var da relativt mindre enn dei er i dag.

34.8 prosent av studentane ved distriktshøgskolane var kvinner i 1979, mot 22.1 prosent i 1972. På baa tidspunkt var kvinneandelen lågare ved distriktshøgskolane enn ved universiteta og dei vitskapelege høgskolane i Noreg.

1. STATISTIKKGRUNNLAG, DATAINNSAMLING OG OMFANG

Vi nyttar ulike typar grunnlagsmateriale til meldinga. For nye studentar og for samla tal på studentar i Noreg, vert det brukt samleoppgåver som vi får frå dei einskilde institusjonane. Vi lagar såleis ikkje statistikk direkte på grunnlag av oppgåver for einskilde individ slik Statistisk Sentralbyrå gjer. Da oppgåvane vert laga på til dels ulike måtar ved dei forskjellige institusjonane, får vi problem med å lage tal som kan samanliknast i ein og same tabell.

Tal på registrerte studentar i Noreg er som regel frå eitt bestemt tidspunkt om hausten, oftast 1. oktober. Men tala som er laga ut frå betalt semesteravgift, er frå ein bestemt periode, dvs. haustsemesteret.

For uteksaminerte kandidatar ved norske lærestader nyttar vi navnelister som institusjonane sender oss.

Nye studentar og samla tal for utanlandsstudentar får vi gjennom samleoppgåver frå Statens lånekasse for utdanning over søkjarar til utdanningsstønad. Oversynet her gir oss òg høve til å rekne grovt på kor mange kandidatar som vert uteksaminert i kvart fag. Her nyttar vi oppgåvane for arkitekt, handels- og ingeniørfag. Utanlandskandidatane i medisin, odontolog, og veterinærmedisin er rekna ut med bakgrunn i namnelister på dei som tar tilleggseksamen i Noreg.

I statistikken er institusjonar som før har vore kalla universitet (Universitetet i Oslo, Bergen, Tromsø, Noregs lærarhøgskole i Trondheim) og (vitskapelege) høgskolar (Noregs tekniske høgskole, Noregs landbruks-høgskole, Noregs musikkhøgskole, Noregs idrettshøgskole, Det teologiske Menighetsfakultet, Noregs handelshøgskole, Arkitekthøgskolen i Oslo og Noregs veterinærhøgskole. Offisielt heiter alle desse lærestadene universitet i dag. Det vil seie at vi har med utdanningsinstitusjonar som no er grupperte som universitet etter Standard for næringsgruppering (for 1978), med unnatak av Statens Kunstakademi. Dessutan har vi med Pedagogisk Seminar i Oslo, som er eigen pedagogisk høgskole. (1)

Frå det regionale høgskolesystemet har vi berre med distriktshøgskolane. Vi gjer merksam på at vi nyttar dei gamle nemningane, og med det skiljet mellom universitet og "vitskapelege" høgskolar i meldinga. Dessutan nyttar vi samlenemninga akademiske lærestader og "universitet og tilsvarande institusjonar" for det som no heiter universitet.

Uteksaminerte kandidatar frå distriktshøgskolane er ikkje med. Heller ikkje kandidatar frå Noregs musikkhøgskole, Noregs idrettshøgskole, Pe-

1) Dei tilsvarande pedagogiske utdanningane i Bergen, Trondheim og Tromsø er egne institutt ved universiteta. Desse er difor òg tatt med. Men vi har ikkje med tilsvarande pedagogisk seminarstudentar ved andre pedagogiske høgskolar (dvs. Halden, Kristiansand og Stavanger) eller frå Statens Lærarkurs.

dagogisk seminar, Nordisk høgskole for hushaldsvitskap, og fiskerifag og sjukepleierlærerutdanninga i Tromsø.

Tala for aldersfordelinga på nye studentar og samla tal for studentar kjem frå Statistisk Sentralbyrå. Her må vi vere merksame på at Byrået ikkje har same definisjon av universitet som oss. Dei følgjer Standard for næringsgruppering frå 1978, det vil seie at dei har med dei same institusjonane og faga som vi har, med unnatak av Pedagogisk Seminar i Oslo. Dessutan har dei med Statens Kunstakademi. Tilleggseksamen for utanlandsmedisinrarar, veterinærer og odontologar er òg med for samla tal på studentar. I denne samanhengen definerer Byrået "ny student" som dei som er heilt nye i universitetssektoren. (Jmf. fotnote 1, tabell 2.1, side 27 i denne meldinga. For oversyn over Byråets definisjonar og tal, sjå Utdanningsstatistikk, Universiteter og høgskoler, 1. oktober 1978 og for tidlegare år.)

Tala våre er ikkje korrigererte for at ein student kan vere registrert ved fleire lærestader samstundes. Men ved alle lærestader, unntatt Noreg's lærarhøgskole i Trondheim, er det korrigerert for at ein student er registrert på fleire fag på ein gong.

Statistikken vår over nye studentar og samla tal på studentane femner om både heiltids- og deltidsstudentar. Dette gjeld ikkje distriktshøgskolane, der dei fleste oppgåvane berre gir opplysningar om heiltidsstudentane.

Tala våre omfattar òg utanlandske studentar og kandidatar i Noreg.

I høve til meldinga for førre året (melding 1979:1) har vi retta ein del tal. Dessutan har vi tatt med tal for 1969 i staden for 1968, og stort sett tatt bort tal for 1976 for å få plass til dei nye for 1979. Tala for dei åra etter 1960 som manglar i denne meldinga finst i tidlegare meldingar, sjå liste side 72.

Standardteikn som vert nytta i publikasjonen er:

- * Tal finst ikkje
- ** Oppgåve manglar
- Null

2. TILGANG PÅ STUDENTAR

2.1. Tilgang til akademiske lærestader i Noreg

Tabell 2.1. gir eit bilete av den årlege tilstrøyminga av nye studentar. Men det er her viktig å vere klår over at vi ikkje nyttar nokon eintydig definisjon på omgrepet ny student. Definisjonen varierer både mellom einskilte fag og mellom ulike lærestader. Ein må difor tolke tala for nye studentar både totalt og på kvart fag særst varsamt. (Sjå fotnote 1 til tabellen.)

Talet på nye studentar nådde ein topp i 1975, og gikk så ned til 1977. Vi ser ein svak oppgang mellom 1977 og 1978, og ein etter måten sterk auke mellom 1978 og 1979, mest 400 eller 14%. Nest etter revisorstudiet ved NHH, eit lite fag som har auka mykje sidan 1978, har examen philosophicum, realfag og aktuarfag hatt størst auke. Det relative talet på dei som tek disse faga har òg gått opp. På teologi kjem veksten av at Menighetsfakultetet vart med i 1979 (sjå fotnote 4). Det var òg fleire nye studentar innan samfunnsfag, medisin og filologi, men til sivilingeniør- og siviløkonomstudiet var det mindre tilstrøyming enn i 1978 - både absolutt og relativt.

Sidan 1960 har talet på nye studentar auka med omlag 260% (dvs. mellom ein tre- og firedobling). Nest etter dei heilt nye faga som er komme til, har ex.phil. auka mest i denne perioden. Så følgjer samfunnsfag og siviløkonomi. Alle desse har hatt ein større vekst i talet på nye studentar enn vi skulle vente ut frå tilstrøyminga totalt. Talet på nye odontologistudentar har òg gått etter måten mye opp.

Frå 1970 har talet på nye studentar stige med over 40%. Det er framleis ex.phil. som har auka mest, nest etter dei nye faga. Elles har idrettsfag, medisin og farmasi sin andel vakse, og meir enn vi kunne tenke oss ut frå den samla utviklinga av studenttalet i perioden. Berre i filologi og samfunnsfag har det vore ein nedgang i det absolutte talet på studentar sidan 1970, og størst for filologi. Alle dei andre faga har fått fleire nye studentar.

Kategorien "Ex.phil., uoppgitt fag, anna" er noko samansett. I Oslo og Bergen er dette for det meste dei som berre skal ta ex.phil., og ikkje har oppgitt planar om noko anna. Men ein del seier òg at dei har planar om å studere vidare, men er uvisse på kva. I Trondheim og Tromsø inneheld denne kategorien mest alle som tar ex.phil. det aktuelle semestret - utan omsyn til om dei skal studere vidare, eller om dei samstundes held på med eit anna fag. (Sjå òg fotnote 2 til tabell 2.1.) Vi ser at dette har vore det største "fagområdet" sidan byrjinga av 70-talet, og at det har vorte større mest kvart år sidan 1960. Auken kjem altså både av at fleire berre skal ta ex.phil., og av at fleire må ta ex.phil. i det heile tatt. Det er vanskeleg å tolke kva tendensen er, fordi registreringa er så ulik lærestadene i mellom.

Det ser ut til at talet på nye studentar som ønsker å studere filologi no held seg konstant rundt 950 etter ein sterk nedgang frå midten av 70-talet. Heilt frå 1962 til 1975 var det kvart år fleire enn 1.100 som ville studere filologi. Dei fleste av desse åra låg talet mellom 1.400 og 1.750. (Med atterhald m.a. om at ex.phil. studentar i Oslo var registrerte på filologi før 1970. Sjå fotnote 5 i tabell 2.1. Den relative delen av nye studentar som ønsker å byrje på filologi har heile tida gått ned - frå over 30% i 1960 til omlag 10% i 1979.

Tilstrøyminga til samfunnsvitskapelege fag har auka sterkt frå 1960. Da var ho noko under 200, mot rundt 1.000 kvart år i byrjinga av 70-talet. Tilgangen no er noko lågare, med omlag 8-900 kvart år, som det har vore sidan midten av 70-talet. Andelen av studentar som byrjar på samfunnsfag var omlag den same i 1979 med 8.8 prosent, som i 1975 med 9.4 prosent.

Her må vi leggje til at samfunnsvitskap og filologi vart lukka studium i Oslo frå 1973, og at ein frå 1975 har hatt avslag på fleire hundre studentar mest kvart år. Jus og teologi er no dei einaste opne studia i Oslo. Tilgangen på nye jus-studentar var størst rundt midten av 70-talet med 6-700 kvart år. Det har sidan gått noko ned, til rundt 500 både i 1978 og 1979. Den relative andelen av dei nye studentane som byrjar på jus er no 5%, mot noko over 6% i midten av 70-talet og 8% i 1965.

Etter kvart som fleire studier no vert lukka, men med sterkt varierende opptakskrav, vert det mindre meiningsfylt å skilje mellom lukka og opne studium. Om vi no likevel tek for oss dei "tradisjonelt opne" studia: filologi, samfunnsvitskap, realfag, teologi og jus, ser vi at omlag 70 prosent av dei nye studentane søkte hit i 1960. I 1979 var den tilsvarende prosenten 35. Men det er kan hende rimelig å rekne ex.phil. til opne studium. Da har prosenten nye studentar her auka til rundt 76 prosent i 1979. Tilgangen til opne studium med ex.phil. var da rundt 7.900 i 1979 og til lukka studium rundt 2.500.

Talet på nye studentar som søkjer til opne studier åleine har slik berre auka med 75 prosent i ein periode der det samla studenttalet gikk opp med rundt 260 prosent. Men om vi reknar ex.phil. til opne studier vert altså auken tvertimot sterkare enn auken for det samla studenttalet - nemlig rundt 290 prosent. Mellom 1970 og 1979 var det ein nedgang i talet på nye studentar til opne studium åleine (på nær 10 prosent), men dette vert snudd til ein vekst som er omlag like stor som den samla veksten i talet på studentar om vi tar med ex.phil. i "open-gruppa", dvs. rundt 40 prosent.

Fordelinga av tilstrøyminga mellom dei opne studia har endra seg mykje. Ex.phil. tar ein stadig større del - 42 prosent i 1979 mot t.d. 22 prosent i 1970. Samfunnsfag, filologi og realfag tar no omlag like stor del av

dei nye studentane, dvs. mellom 9 og 10 prosent kvar, medan filologi var størst på byrjinga av sekstitalet med over 30 prosent. Real- og aktuarfag hadde derimot omlag 20 prosent, og samfunnsfag nesten 7 prosent av dei nye studentane i 1960.

Real- og aktuarfag saman med ingeniørfag tok mest 35 prosent av dei nye studentane i 1960, og berre 18.5 prosent i 1979. Sjølv om desse faga til saman har dobla talet på nye studentar i denne perioden, har dei ikkje vakse like mykje som talet på nye studentar samla. Men det er som nemnt berre nokre få fag - ex.phil. som eit stort - som har hatt relativt like stor eller større tilgang enn studenttalet totalt.

Til "tradisjonelt lukka" studium, farmasi, medisin, ernæring, odontologi, veterinærmedisin, landbruksfag, ingeniørfag og arkitektfag, studium ved Noregs handelshøgskole og Noregs musikkhøgskole, har det årlege opptaket auka jamnt. Den prosentvise oppgangen innan lukka studium har vore særskilt stor for siviløkonomi, medisin og odontologi siden 1960. Etter 1970 er det idrettsfag, farmasi og medisin som skil seg ut. Men kvar for seg er desse faga etter måten små. Her gjer ikkje stor prosentvis auke i talet på nye studentar så stort utslag i den relative delen av studentmassen.

Totalt er tilgangen til lukka studium nesten tredobla frå 1960, og det har vore ein oppgang med omlag 40 prosent frå 1970. Veksten frå 1960 er likevel noko mindre enn vi skulle vente ut frå tilgangen totalt. Det er altså opne studium med ex.phil. som har stått for størstedelen av veksten. Men frå 1970 har auken i tilstrøyminga til lukka studium vore berre litt mindre enn for studenttalet samla. Det vil seie at tilgangen til opne studium med ex.phil. og lukka studium har vakse i omlag same takt. Men i dag kjem det likevel over dobbelt så mange nye studentar til opne studium og ex.phil. samla som til lukka studium.

2.2. Tilgang til studium i utlandet.

Tabell 2.2 syner tilgangen på norske studentar til studium i utlandet dei seinere åra. Tala med kommentarar om studieplassar og søking til ulike studium byggjer på statistikk og opplysningar frå Statens lånekasse for utdanning. Studentar som ikkje søker nokon form for studie-stønad frå Lånekassa, er såleis ikkje med. Studentar som er registrerte ved ein akademisk lærestad i Noreg tidlegare, men som tar ein mindre del av utdanninga utanlands, er heller ikkje med.

Lånekassa opplyser at tala for kva år studentane har tatt til med utanlandsstudiet er særst usikre. Oppgåvene er laga frå opplysningar som er gitt av studentane sjølve på søknadsskjema til Lånekassa, og det syner seg at ein del studentar ikkje blir med i statistikken første studieåret av di søknaden kjem så seint at dei ikkje blir rekna med før året etter. Kor mange dette er, får vi ikkje vite, da nokre studentar òg kan slutte å studere mellom dei to tidspunkta for registrering. Der det har vore mogeleg, er tala justert frå eit år til neste. Dette har ikkje hatt noko særleg å seie for tala dei 3-4 siste åra.

Talet på nye norske studentar i utlandet har gått noko ned frå 1978 til 1979. Før det hadde det vore ein etter måten sterk auke i det totale talet frå 1975. Talet no ligg rundt 800, men det svinga mellom 400 og 650 i perioden 1968 til 1975. Mellom 1963 og 1966 var talet oppe i 8-900, men i ein periode på fem år før det var det rundt 5-700. I høve til talet på nye studentar i Noreg, vil ein sjå at utanlandsstudentane utgjør ein stadig mindre del.

Vi ser til dels store forskyvingar mellom dei einskilde faga sidan byrjinga av sekstitalet. Det tydelegaste er at "andre studium" og handelsfag har vakse, og at odontologi har gått sterkt ned saman med ingeniørfag. Talet på nye studentar har svinga noko på arkitekt og medisin. Men tala idag er omlag som i 1960 på desse to faga.

Bak endringane i totaltal for dei einskilde faga, ligg endringar i opptaksvilkår i ulike land. Fordelinga på studentar mellom landa kan òg ha å gjere med studentane sine preferansar.

I odontologi er det mangel på studieplassar i alle dei landa som til no har vore vanlege studiestader for norske studentar. Lånekassa melder at det vart tatt opp berre 2-3 norske studentar ved utenlandske lærestader til dette studiet kvart av dei tre siste åra. Men nedgangen kan òg ha å gjere med at færre søker seg ut. Det har blitt lettare å kome inn på tannlækjurstudiet i Noreg.

Det var Vest-Tyskland som hadde dei fleste nye norske medisinarstudentane i 1979. Gjennom dei siste 20 åra har Vest-Tyskland og Danmark hatt dei fleste nye norske medisinarstudentane, men Storbritannia/Eire har òg tatt mot ein del. Det har vorte vanskeleg å få studieplass i utlandet også for medisin. Det var umogleg for norske studentar å bli tatt opp ved nederlandske universitetet i fleire år, men frå hausten 1976 vart det på nytt ei opning. Talet på norske studentar ved medisinstudiet i Danmark var aukande i første halvdel av 70-åra. Toppen i talet på nye studentar vart nådd i 1976 med 64 nye. Men frå da vart det gjennomført avgrensa opptak, og norske studentar kan ikkje utan vidare rekne med å bli tatt opp sjølv om dei har tatt dansk studenteksamen. Sidan 1976 har talet på nye norske medisinarstudentar i Danmark vore av storleik 15-25. I Eire vart det i byrjinga av 70-talet tatt opp omlag 20 norske studentar kvart år. Dei siste par åra har 12-15 norske studentar fått plass. På Island har andre nordiske land ein kvote på fire studie-plassar. Desse har vore fylte av norske studentar dei seinare åra. Mellom 1978 og 1979 var det ein auke i talet på nye norske medisinarstudentar i Belgia - frå 4 til 13. Her har tidlegare berre nokre få norske studentar hatt plass. Det er likevel uvisst om det i framtida vil byrje så mange i Belgia, fordi studieavgiftene har gått sterkt opp den siste tida.

Storbritannia og USA/Canada har vore dei viktigaste studielanda for norske sivilingeniørstudentar i utlandet sidan 1960-talet. I byrjinga av 60-åra var det òg etter måten mange i Vest-Tyskland og Sveits. Det er framleis råd å bli tatt opp i Vest-Tyskland, og når talet på dei som har byrja på studiet her dei seinare åra har vore minkande, er grunnen truleg meir studentane sine preferansar enn mangel på studie-plassar. Sivilingeniørutdanninga i Vest-Tyskland tar t.d. monaleg lenger tid enn i Storbritannia og USA. Det er likevel mogeleg at talet på studentar i Vest-Tyskland er på veg oppover. Vi kan spore ein viss auke dei siste tre åra.

Det er mogeleg for norske studentar å bli tatt opp ved arkitektstudium i dei fleste aktuelle studielanda. Men dei fleste søker til Storbritannia. Til dømes gjekk 80 prosent av tilgangen hit i 1979 og noko over 60 prosent året før. I tida frå 1960 har over 70 prosent av tilgangen gått hit. Dei andre har delt seg på ymse andre land: Danmark, Vest-Tyskland, Austerrike, Frankrike, Sveits, USA/Canada.

Det vert ein sterk auke i studieavgifter i Storbritannia frå hausten 1980. Dette vil truleg få mykje å seie for søkinga til medisin, sivilingeniør- og arkitektstudia der.

Det er særleg Sverige som har gitt studie-plassar til dei norske studentane i handelsfag gjennom dei siste 20 åra. Men Sveits, USA/Canada, Storbritannia og Vest-Tyskland har òg tatt imot mange, og ein del har gått til Austerrike og Danmark. USA/Canada hadde flest handelsstudentar

i 1979 med Sverige som nr. 2. Nedgangen i talet mellom 1978 og 1979 kom av nedgang både i Sverige, Danmark og Storbritannia/Eire. Det er mogeleg for norske studentar å bli tatt opp ved handelsstudier i dei fleste aktuelle studieland. Men frå hausten 1979 vart det innført avgrensa opptak i Sverige, slik at ein kanskje kan vente seg ein nedgang her.

Det har òg vore studentar i veterinærmedisin frå Noreg i utlandet sidan 1965. Dei fleste studerer i Vest-Tyskland. Siste året byrja ein student i Danmark der studiet er lukka, ein i Nederland og ein i USA/Canada. Tidlegare vart nokre tatt opp ved lærerstader i Austerrike, men det vart stansa i 1972.

2.3 Andel nye studentar i ulike årskull. 1)

Tabell 2.3 syner kor stor del av kvar aldersgruppe 18-29 år som har byrja å studere kvart år sidan 1966. I tabell 2.4 er desse prosentdelane kumulerte for kvart av fødselskulla mellom 1948 og 1960 (dei som var mellom 30 og 18 år i 1978). Det vil seie at ein til dømes kan sjå kor mange frå eit visst fødselskull som totalt hadde byrja å studere i tida mellom 18 år og ein viss alder.

Den sterke auken i talet på nye studentar i første halvdel av 1970-åra kom av at studiefrekvensen 2) auka i alle dei relevante aldersgruppene. Dette går fram av tabell 2.3 som syner ein gjennomgåande sterk og ubroten vekst fram til 1975 for alle grupper. Sterkast gikk talet likevel opp for 19, 20 og 21-åringane. Til dømes var prosentdelen av 20-åringane som byrja å studere i 1966 1.96 mot 3.76 prosent i 1975. Men auken var òg etter måten sterk for 22 og 23-åringane.

Tilstrøyminga av nye studentar minka frå 1975 til 1976 og vidare til 1977. Dette kom av ein nedgang i studiefrekvensar for dei fleste aldersklassene ; særskilt sterk var nedgangen for 20-åringane, men òg for 21-23-aldersgruppene. Tilgangen auka litt att frå 1977 til 1978. Dette finn vi òg att i dei fleste aldersklassene, og utslaget er størst blant 20- og 21-åringane.

Tabell 2.4 syner kor stor prosentandel av kvart av fødselskulla 1948-1960 som har byrja å studere ved universitetet eller vitskapelege høøgskolar i Noreg i tida frå 1966-1978. Det går til dømes fram av tabellen at prosentdelen av fødselskullet som hadde byrja å studere i 20-års alder auka frå 4.5 prosent av 1948-kullet til 7.1 prosent av 1957-kullet. Ved 23-års alder hadde snautt 8 prosent av fødselskullet 1948 tatt til med studium; medan vel 12 prosent av fødselskullet 1954 var registrerte ved akademiske lærestader ved same alder.

1) Oppgåvene til dette kapitlet kjem frå Statistisk Sentralbyrå. Definisjonen av ny student og av universitetssektoren skil seg noko frå vår. Sjå kap. 1 for nærare forklaring.

2) Nye studentar i prosent av det fødselskull dei høører til ved 18-års alder. Kjelde: Statistisk Sentralbyrå. Sjå òg fotnote 1).

Tabell 2.1. Tilgang på studentar¹⁾ ved norske akademiske lærestader etter fag og immatrikulerings/opptaksår.

| Fag ²⁾ | IMMATRIKULERINGSÅR/OPPTAKSÅR | | | | | | | |
|---|------------------------------|------|------|------|-------|-------|-------|-------|
| | 1960 | 1965 | 1969 | 1970 | 1975 | 1977 | 1978 | 1979 |
| Filologi ³⁾ | 954 | 1730 | 1744 | 1629 | 1405 | 808 | 929 | 987 |
| Teologi ⁴⁾ | 61 | 83 | 29 | 21 | 32 | 11 | 25 | 121 |
| Jus | 213 | 436 | 382 | 434 | 629 | 579 | 514 | 518 |
| Sosialøkonomi | 81 | 187 | 107 | 86 | 49 | } 834 | } 817 | } 911 |
| Psykologi | 75 | 219 | 211 | 290 | 270 | | | |
| Pedagogikk | 29 | 93 | 161 | 227 | 139 | | | |
| Andre samfunnsfag | 7 | 146 | 356 | 414 | 486 | | | |
| Realfag og aktuarfag | 610 | 993 | 876 | 831 | 958 | 893 | 847 | 1018 |
| Farmasi | 30 | 36 | 37 | 40 | 40 | 40 | 40 | 63 |
| Medisin grunnfag | • | • | • | • | 24 | - | 27 | } 396 |
| Medisin | 136 | 176 | 236 | 247 | 325 | 343 | 333 | |
| Ernæringsfag | • | • | 16 | 16 | 16 | 16 | 19 | 18 |
| Odontologi | 50 | 94 | 123 | 123 | 128 | 128 | 129 | 136 |
| Veterinærmedisin | 20 | 32 | 35 | 35 | 35 | 39 | 44 | 43 |
| Landbruksfag | 90 | 131 | 163 | 187 | 216 | 220 | 225 | 220 |
| Ingeniørfag | 397 | 600 | 681 | 708 | 884 | 897 | 932 | 903 |
| Arkitektfag | 49 | 71 | 81 | 80 | 95 | 100 | 103 | 102 |
| Siviløkonomi | 61 | 180 | 228 | 236 | 254 | 256 | 283 | 254 |
| Revisorfag | • | • | • | • | 53 | 31 | 54 | 79 |
| Fiskerifag | • | • | • | • | 12 | 15 | 20 | 21 |
| Idrettsfag | • | • | 115 | 85 | 194 | 179 | 162 | 154 |
| Musikkhøgskolestudiet | • | • | • | • | 64 | 101 | 105 | 69 |
| Examen philosophicum, uoppgitt fag, andre ⁶⁾ | 43 | 241 | 920 | 1619 | 3698 | 3484 | 3490 | 4366 |
| S u m | 2906 | 5448 | 6501 | 7308 | 10006 | 8974 | 9098 | 10379 |

Fotnoter til tabell 2.1.

- 1) "Nye studentar" er ikkje definert på nokon eintydig måte i statistikken vår. Tilgangen er målt på ulike måtar for ulike fag og lærestader. Dels vert det her nytta melding/søknad om opptak til fagstudium for heilt nye studentar til universitetssektoren. Dels vert det nytta opptatte til fagstudium for nye studentar på dei ulike faga, utan omsyn til om dei er nye i universitetssektoren, og dels nyttast oppgåver over dei som er tatt opp til fagstudium som nye studentar på den einskilde lærestaden, sjølv om dei kan ha studert ved ein annan lærestad før. Det er gjort slik:
- (a) For opne studium i Oslo og Bergen, og for filologi, samfunnsvitskap og realfag som formelt er lukka i Oslo, nyttar vi immatrikuleringsstatistikken. Her finst oversyn over melding til studier/søknad til lukka studier. Men tida for byrjing av studium er ikkje alltid oppgitt og meldinga/søknaden er ikkje bindande. Dessutan kan ein få avslag på søknad om opptak på filologi og samfunnsvitskap i Oslo. Desse faga vart formelt lukka i 1973 og har hatt avslag på fleire hundre studentar mest kvart år sidan 1975. I tillegg kan studentar som er immatrikulerte tidlegare år og har utsett starten på studiet, eller som har skifta studium eller fag, byrje på desse faga.
- (b) For Universitetet i Trondheim, Noregs lærarhøgskole, Universitetet i Tromsø og Noregs handelshøgskole i Bergen, får vi oversyn over studentar som er nye ved desse lærestadene og som har betalt semesteravgift. Ein ny student kan altså ha vore registrert ved ein annan lærestad tidlegare, og til dømes halde fram med hovudfag ved Universitetet i Trondheim eller i Tromsø. Korkje i Trondheim, Tromsø eller ved studia under pkt (a) får vi registrert dei som skiftar studium innan institusjonen som nye på det nye faget.
- (c) For dei vitskapelege høgskolane elles, og for dei tradisjonelt lukka studia, dvs farmasi, ernæring, medisin og odontologi byggjer vi på oppgåver over nye registrerte studentar. Desse oppgåvene tar ikkje omsyn til om studentane har betalt semesteravgift, eller om dei er nye studentar i universitetssektoren eller på lærerstanden. Det er altså dei reelt nye på faget som vert registrerte.

Alt dette vil mellom anna seie at t.d. tilgangen til filologi, samfunnsvitskap og realfag er målt på ein heilt annan måte i Oslo og Bergen enn i Trondheim og Tromsø. Vi gjer merksam på at tilgangstal for Trondheim vantar for alle vårsemestra. I 1979 var dette oppgitt til 138 studentar, men tala kom for seint til å bli med i tabellar og tolkningar.

- 2) Studentar som har gitt opp at dei berre skal immatrikulerast er ikkje med i tabellen. I Bergen er heller ikkje dei som har gitt opp "Veit ikkje" på fagvalg med, medan dei med "Ukjent fag" i Oslo er med. Ernæring, dvs. Nordisk høgskole for hushaldsvitskap vart oppretta i 1966, Idrettshøgskolen i 1968, Musikkhøgskolen hadde sine første studentar i 1973, medisin i Tromsø i 1973 og i Trondheim i 1975.
- 3) Filologi omfattar her fag som hører inn under det Historisk-filosofiske fakultetet ved Universitetet i Oslo. Geografi i Bergen og Trondheim er eit unnatak. Før 1979 har deler av faget vore plassert under samfunnsfag, men er frå 1979 under filologi. Sjå fotnote 2), tabell 4.1.
- 4) Tidlegare måtte studentar som tok til med teologistudiet ved Det teologiske Menighetsfakultet i prinsippet vere immatrikulerte ved eit universitet for å ta eksamen i gresk, hebraisk og latin. Difor har dei ikkje vore rekna med særskilt under nye studentar i statistikken vår. Men for nokre år sidan vart studieordninga endra slik at desse kursa no vert tatt ved Menighetsfakultetet. Frå 1979 inneheld difor oversynet over teologistudentar òg nye studentar i 1979.
- 5) Sjå fotnote 1) for plasseringa av geografi.
- 6) Før 1970 var examen philosophicum-studentar i Oslo registrerte på filologi. Mag. art.-studentar var truleg òg registrerte her til midten av 70-talet, og ikkje på dei tilhøyrande fagområda. Vi må leggje særskilt merke til konsekvensane for ex.phil.-tala av den ulike registreringa på dei ulike lærestadene. Ved universiteta i Oslo og Bergen vert ein registrert på ex.phil. om ein berre har gitt opp planar om dette. Men ved universitetet i Tromsø og Trondheim vert ein òg registrert på ex.phil. sjølv om ein sidan har andre planar, dvs. når ein har gitt opp at ein skal studere noko anna neste semester. Om ein tar både ex.phil. og eit anna fag dette semesteret vert ein òg registret på ex.phil. både i Tromsø og Trondheim. Unnatak her er medisin og fiskerifag, der ein vert registrert på faget, ikkje på ex.phil.

Tabell 2.2. Tilgangen på norske studentar ved utanlandske lærestader etter fagstudium 1) og år for byrjing av studium.

| År | Arki- tekt- fag | Inge- niør- fag | Medi- sin | Odonto- logi | Handels- fag | Vete- rinær- medisin | Andre studium 1) | Sum |
|------|-----------------------|-----------------------|--------------|-----------------|-----------------|----------------------------|---------------------|-----|
| 1960 | 17 | 230 | 116 | 67 | 75 | . | X | 505 |
| 1965 | 47 | 299 | 241 | 59 | 130 | 7 | 93 | 876 |
| 1969 | 51 | 143 | 161 | 17 | 104 | 12 | 50 | 538 |
| 1970 | 63 | 170 | 161 | 27 | 114 | 21 | 41 | 597 |
| 1971 | 54 | 149 | 157 | 26 | 181 | 21 | 66 | 654 |
| 1972 | 55 | 107 | 141 | 12 | 162 | 19 | 48 | 544 |
| 1973 | 48 | 93 | 107 | 6 | 145 | 11 | 38 | 448 |
| 1975 | 38 | 75 | 112 | 1 | 188 | 14 | 71 | 499 |
| 1976 | 26 | 93 | 162 | 4 | 215 | 15 | 129 | 644 |
| 1977 | 22 | 122 | 117 | 2 | 227 | 12 | 122 | 621 |
| 1978 | 24 | 159 | 116 | 2 | 329 | 14 | 179 | 823 |
| 1979 | 20 | 102 | 130 | 3 | 298 | 11 | 213 | 777 |

1) Berre utdanningar som svarer til universitetsutdanning i Noreg skal vere med her. Men frå 1979 er statistikken til Lånekassa lagt om, slik at kategorien "andre studium" óg femner om ein del andre høgere utdanningar. Ved sida av filologi, realfag, lærarutdanning og farmasi som er blant dei som har vore med i denne kategorien før, finn vi no barnevern, kiropraktikk, sosialskoler, hotellfag, journalistikk, bibliotek og fotogrametri her.

X Uvisst kvifor tal ikkje finst her.

Tabell 2.3. Prosentandel av aldersgruppene 18-29 år som har byrja å studere for ulike år.

| Tatt til med studium i alder: | År for byrjing av studium | | | | | | | | | | | | |
|-------------------------------|---------------------------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| | 1966 | 1967 | 1968 | 1969 | 1970 | 1971 | 1972 | 1973 | 1974 | 1975 | 1976 | 1977 | 1978 |
| 18 år | 0.20 | 0.20 | 0.19 | 0.25 | 0.21 | 0.26 | 0.23 | 0.22 | 0.21 | 0.24 | 0.26 | 0.23 | 0.18 |
| 19 år | 2.26 | 2.15 | 2.39 | 2.76 | 2.90 | 3.29 | 3.60 | 3.60 | 3.54 | 3.70 | 3.73 | 3.37 | 3.39 |
| 20 år | 1.96 | 1.89 | 2.15 | 2.45 | 2.20 | 2.47 | 2.68 | 2.72 | 3.53 | 3.76 | 3.32 | 3.13 | 3.26 |
| 21 år | 1.17 | 1.36 | 1.63 | 1.80 | 1.16 | 1.73 | 1.82 | 1.97 | 2.52 | 2.59 | 2.40 | 2.17 | 2.40 |
| 22 år | 0.89 | 0.84 | 1.01 | 1.15 | 0.94 | 1.00 | 1.20 | 1.17 | 1.55 | 1.62 | 1.37 | 1.23 | 1.31 |
| 23 år | 0.57 | 0.63 | 0.57 | 0.67 | 0.63 | 0.69 | 0.72 | 0.62 | 0.98 | 0.99 | 0.73 | 0.77 | 0.78 |
| 24 år | 0.40 | 0.41 | 0.37 | 0.44 | 0.37 | 0.45 | 0.47 | 0.48 | 0.73 | 0.64 | 0.53 | 0.55 | 0.56 |
| 25 år | 0.28 | 0.33 | 0.31 | 0.36 | 0.33 | 0.32 | 0.34 | 0.33 | 0.55 | 0.55 | 0.52 | 0.40 | 0.53 |
| 26 år | 0.23 | 0.24 | 0.22 | 0.32 | 0.24 | 0.24 | 0.33 | 0.32 | 0.48 | 0.42 | 0.41 | 0.37 | 0.39 |
| 27 år | 0.19 | 0.22 | 0.18 | 0.22 | 0.20 | 0.17 | 0.26 | 0.24 | 0.36 | 0.31 | 0.30 | 0.32 | 0.32 |
| 28 år | 0.15 | 0.17 | 0.16 | 0.19 | 0.15 | 0.16 | 0.21 | 0.20 | 0.35 | 0.31 | 0.35 | 0.27 | 0.24 |
| 29 år | 0.11 | 0.16 | 0.11 | 0.14 | 0.13 | 0.16 | 0.19 | 0.20 | 0.27 | 0.28 | 0.23 | 0.22 | 0.22 |

1) Nye studentar i prosent av det fødselskull dei hører til ved 18-års alder. Kjelde: Statistisk Sentralbyrå. Sjå òg fotnote 1) side 32.

Tabell 2.4. Alderskumulerte prosentdelar av fødselskulla 1948-1960¹⁾ som har byrja å studere ved alder 18-30 år (dvs. perioden 1966-1978).

| Tatt til med studium i alder: | F ø d s e l s å r | | | | | | | | | | | | |
|-------------------------------|-------------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|------|------|------|------|
| | 1948 | 1949 | 1950 | 1951 | 1952 | 1953 | 1954 | 1955 | 1956 | 1957 | 1958 | 1959 | 1960 |
| 18 år | 0.20 | 0.20 | 0.19 | 0.26 | 0.20 | 0.26 | 0.23 | 0.22 | 0.21 | 0.24 | 0.26 | 0.23 | 0.18 |
| 19 år | 2.35 | 2.59 | 2.95 | 3.16 | 3.50 | 3.86 | 3.80 | 3.76 | 3.91 | 3.97 | 3.63 | 3.62 | |
| 20 år | 4.50 | 5.05 | 5.15 | 5.62 | 6.18 | 6.58 | 7.33 | 7.52 | 7.23 | 7.10 | 6.89 | | |
| 21 år | 6.30 | 6.64 | 6.88 | 7.45 | 8.15 | 9.10 | 9.92 | 9.92 | 9.40 | 9.50 | | | |
| 22 år | 7.24 | 7.65 | 7.98 | 8.62 | 9.69 | 10.72 | 11.30 | 11.15 | 10.71 | | | | |
| 23 år | 7.93 | 8.37 | 8.60 | 9.60 | 10.68 | 11.45 | 12.06 | 11.93 | | | | | |
| 24 år | 8.39 | 8.85 | 9.32 | 10.23 | 11.21 | 12.00 | 12.62 | | | | | | |
| 25 år | 8.73 | 9.40 | 9.87 | 10.75 | 11.60 | 12.53 | | | | | | | |
| 26 år | 9.21 | 9.81 | 10.28 | 11.13 | 11.99 | | | | | | | | |
| 27 år | 9.52 | 10.12 | 10.59 | 11.45 | | | | | | | | | |
| 28 år | 9.78 | 10.39 | 10.83 | | | | | | | | | | |
| 29 år | 10.00 | 10.61 | | | | | | | | | | | |
| 30 år | 10.19 | | | | | | | | | | | | |

- 1) Prosentane er rekna ut etter storleiken på kvart fødselskull ved 18-års alder. Kjelde: Statistisk Sentralbyrå. Sjå òg fotnote 1) side 32.

3. ALDEREN TIL STUDENTANE 1)

Aldersfordelinga av studentane har endra seg monaleg dei siste 10-12 åra.

Tabell 3.1 syner aldersfordelinga på nye studentar, dvs. dei som er heilt nye i universitetssektoren. Vi ser her at berre 14-16 prosent av dei nye studentane var eldre enn 24 år i siste halvdel av 60-åra. I siste halvdel av 70-talet har omlag 25% av dei nye studentane vore så gamle - med ein liten topp i 1974. Prosentdelen av nye studentar som var 30 år eller eldre vart meir enn dobla på 10-12 år, frå 6-7 prosent av tilgangen i slutten av 60-åra til 13-14 prosent dei siste fem åra. Denne auken fann i stor grad stad mellom 1968 og 1974.

Det er relativt fleire kvinner enn menn som tar til med å studere i "mogen alder". I 1978 var 26% av dei nye kvinnelege studentane 25 år og eldre. 15.9 prosent var 30 år og eldre, medan dei tilsvarande tala for mannlege studentar var 22.6 og 11.4 prosent. Skilnaden mellom menn og kvinner var noko større enn i 1966. Da var 14.1 prosent av dei nye kvinnelege og 13 prosent av dei nye mannlege studentane 25 år og eldre. 8.8 prosent av dei nye kvinnelege og 5.4 prosent av dei nye mannlege studentane var 30 år og eldre.

Både det at dei nye studentane vert eldre, og at ein kanhende brukar lengre tid på studia enn før, eventuelt at ein har avbrot, kan gjere at studentmassen samla vert eldre.

Av det samla talet på studentar auka såleis prosentdelen som var 25 år eller eldre frå 27.1 prosent i 1966 til 46.2 prosent i 1978. Aldersgruppa som var 30 år eller eldre auka frå 6.4 prosent til 15.9 prosent i same tidsrommet. I 1978 var 30.3 prosent av studentane mellom 25 og 29 år, og 53.8 prosent mellom 17 og 24 år. Fordelinga er noka ulik for menn og kvinner, slik at kvinner har relativt fleire i dei eldste og yngste aldersgruppene enn det menn har. Såleis var 20.8 prosent av kvinnene 30 år og over i 1978, mot 12.8 prosent av dei mannlege studentane. 24.1 prosent av dei kvinnelege studentane var mellom 25 og 29 år mot 34.2 prosent av dei mannlege same året. 55.1 prosent av kvinnene var mellom 17 og 24 år mot 53% av dei mannlege studentane. Det absolutte talet på studentar var her 39.538. For menn var det 24.402, og for kvinner 15.136, dvs. 38% var kvinner.

1) Oppgåvene her kjem frå Statistisk Sentralbyrå. Prosentueringsgrunlaget og definisjonen av ny student er difor ikkje det same som vi nyttar i meldinga vår. Sjå kap. 1 for nærare forklaring.

Tabell 3.1. Nye studentar¹⁾ til universitetssektoren etter aldersgruppe og år, prosentfordelt.

| Alder ved byrjinga av studium | År for byrjing av studium | | | | | | | | | | | | |
|-------------------------------------|---------------------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| | 1966 | 1967 | 1968 | 1969 | 1970 | 1971 | 1972 | 1973 | 1974 | 1975 | 1976 | 1977 | 1978 |
| 20 år og yngre | 53.4 | 47.0 | 47.9 | 47.0 | 48.4 | 50.4 | 49.0 | 48.5 | 41.1 | 43.4 | 45.4 | 44.7 | 43.6 |
| 21-24 år | 32.3 | 35.5 | 38.2 | 37.0 | 34.1 | 33.2 | 30.4 | 30.9 | 32.2 | 32.2 | 30.8 | 31.4 | 32.2 |
| 24 år og yngre | 85.7 | 82.5 | 86.1 | 84.0 | 82.5 | 83.6 | 79.4 | 79.5 | 73.3 | 75.6 | 76.2 | 76.1 | 75.8 |
| 25-29 år | 7.7 | 8.9 | 7.8 | 9.1 | 9.0 | 8.9 | 10.2 | 10.0 | 11.7 | 10.6 | 10.4 | 10.2 | 10.6 |
| 30 år og eldre | 6.4 | 7.2 | 6.0 | 6.9 | 8.5 | 7.5 | 10.3 | 10.5 | 14.9 | 13.8 | 13.4 | 13.7 | 13.7 |
| 25 år og eldre | 14.1 | 16.1 | 13.9 | 16.0 | 17.5 | 16.4 | 20.6 | 20.5 | 26.7 | 24.4 | 23.8 | 23.9 | 24.3 |
| Uoppgitt | 0.2 | 1.4 | * | * | * | * | * | * | * | * | * | * | * |
| S u m | 100.0 | 100.0 | 100.0 | 100.0 | 100.0 | 100.0 | 100.0 | 100.0 | 100.0 | 100.0 | 100.0 | 100.0 | 100.1 |

1) Kjelde: Statistisk Sentralbyrå. Sjå fotnote 1) side 32.

4. STUDENTAR I ALT

4.1. Studentar ved akademiske lærestader i Noreg.

Tabell 4.1 syner samla tal på studentar i Noreg etter fagområde i haust-semester. I tabell 4.2 ser vi det samla talet etter fag på kvart lærestad, medan tabell 4.3 syner det samla talet på studentar ved dei tradisjonelle universiteta etter fakultetet og avdeling. Figur I, side 12 gir eit bilete av tilhøvet mellom studentar ved tradisjonelt lukka og opne studium. Skiljet mellom opne og lukka studium har etter kvart vore mindre fruktbart, av di fleire studium har vorte lukka - t.d. både det Historisk-filosofiske og det Samfunnsvitskapelege fakultet ved Universitetet i Oslo.

Vi ser av tabell 4.1 og 4.2 at det var ein skilnad på 511 i totaltalet på studentane i 1979. Dette kjem av at ein del studentar er registrerte på fleire fag. Ved dei fleste lærestadene er dette justert slik at ein student blir plassert på det "viktigaste" faget det aktuelle semestret. Men ved Lærarhøgskolen i Trondheim har dei ikkje fått gjort dette. Her har vi fått totaltalet på studentar særskilt; det har altså ikkje kome fram ved å summere tal for dei einskilte faga. Tala for studentar på fag i tabell 4.1 er altså korkje netto eller bruttotal (korkje "hovud" eller "fag") men ei blanding. Prosentane for faga samla er likevel rekna ut frå denne tabellen. Om vi vil ha eit uttrykk for nettotal på studentane samla, må vi sjå på tabell 4.2. Men nettotal for studentar på fag for alle lærestadene samla kan vi ikkje få tak i. Absolutte tal og prosentueringar som er gjort i teksten nedanfor er altså ikkje heilt korrekte.

Totaltalet på studentar på 40.585 var ein auke frå året før. Det kan difor sjå ut som den vesle nedgangen som var i nokre år i samla tal på studentar har stogga og at talet på studentar er på veg opp att. Talet ligg no like under nivået frå 1975 og 1976, som var dei åra studenttallet nådde ein topp. Men veksten frå 1978 kom for ein stor del frå auken i uspesifiserte fag, dvs. stort sett dei som skal ta examen philosophicum. Studenttalet på matematisk-naturvitskapelege fag er óg gått opp. Det same gjeld for humanistiske fag. Elles har alle dei andre faga vakse med unntak av human medisin og teologi.

Sidan 1961 er talet på studentar nær firedobla, det har gått opp med rundt 270%. Frå 1970 har det vore ein auke på rundt rekna 1/3.

Frå byrjinga av sekstitalet har talet på studentar ved uspesifiserte fag, dvs. i hovudsak ex. phil. stige mest. Så følgjer samfunnsvitskapelege fag og jus. Alle desse faga har vakse meir enn vi skulle vente ut frå endringa i samla studenttal. Men alle andre fag har óg auka i perioden, human medisin mest, men óg humanistiske fag. Talet på studentar i veterinærmedisin har gått etter måten sterkt opp.

Frå byrjinga av 70-talet er det framleis ex. phil. som har auka mest, så følgjer jus og landbruksvitskapelege fag. Desse faga har fått fleire studentar enn vi skulle vente ut frå oppgangen på 1/3 i samla studenttal. Med unnatak av humaniora har alle andre fag óg vakse sidan 1970, og human medisin like mykje som samla studenttal.

Tabell 4.1 syner at humanistiske fag framleis er det største fagområdet, slik det har vore sidan tidleg i femtiåra. Det samla talet på studentar innan humaniora har gått noko opp sidan 1978, men det har vore nedgang sidan midten av 70-talet. Det absolutte talet er no omlag like stort som i 1970. Auken her gjekk føre seg på sekstitalet, frå rundt 3000 studentar i 1961 til rundt 8000 i 1970. Andelen av studentmassen som studerer humanistiske fag har gått ned til rundt 1/5, mot knapt 30% for ti år sidan. Om vi held examen philosophicum studentar utanfor rekninga, har det óg vore ein slik relativ nedgang, men noko mindre.

Samfunnsvitskapelege fag er no det nest største fagområdet etter inn- delinga i tabell 4.1. Fagområdet hadde ei eksplosjonsarta utvikling av studenttalet frå byrjinga av 60-åra til midten av 70-åra. Seinare har det absolutte talet på studentar gått noko ned. Vi registrerer rett nok ein svak auke frå 1978 til 1979, men det kan hende at dette heng saman med ei lita endring av klassifiseringa (sjå fotnote 2 og 3, tabell 4.1). I 1961 studerte 6.4 prosent av studentane samfunnsvitskapelege fag, for 10 år sidan 18.2 prosent og i 1979 17.2 prosent. Den relative delen var høgast i 1970 med 19.8 prosent, medan det absolutte talet på studentar var størst i 1975. Prosentdelen har etter dette lege rundt 17%. Ser vi bort frå ex.phil.-studentar, studerte 18.5 prosent samfunnsfag i 1969 mot 20 prosent i 1979.

Matematisk-naturvitskapelege fag er no det tredje største fagområdet om vi held examen philosophicum-studentar utanfor. Det absolutte talet på matematisk-naturvitskapelege studentar har auka litt sidan rundt 1970. Reknar vi frå rundt 1960 da talet på studentar her var på omlag 2.400, er studenttalet no dobla. Likevel er dette frå baa tidspunkt ein relativt mindre vekst enn auken i samla tal for alle studentar. Fagområdet var nest størst av alle i byrjinga av 60-åra, og det hadde ein større relativ del av studentmassen enn i dag, t.d. 21.6 prosent i 1961 mot 12.2 prosent i 1979. Om vi held ex.phil.-studentar utanfor, blir ikkje nedgangen fullt så stor, men prosentdelen likevel ikkje meir enn 14.4 i 1979.

Det absolutte talet på jus-studentar gikk jamnt opp frå byrjinga av 60-talet til det nådde eit nivå rundt 4.000 midt på 70-talet. Der har det halde seg sidan. Det vil seie at det i dag til dømes er om lag like mange ingeniør- som jus-studentar. Auken har vore mykje større enn vi kunne tenkje oss ut frå veksten i samla tal på studentar. Dette kjem ikkje berre av at studiet vart skipa i Bergen i 1971. Av tabell 4.2 ser vi at talet på jus-studentar ved Universitetet i Oslo har stige klårt heilt frå byrjinga av 60-talet. Dette har halde fram i perioden etter at studiet i Bergen kom til fram mot 1976. Etter det har auken stogga

båe stader. I motsetnad til tidlegare har det dei siste åra vore fleire studentar som les jus enn realfag i Oslo. I denne samanhengen vil vi nemne at jus og teologi er dei einaste studia i Oslo som ikkje har avgrensa opptak. Det er særleg jus som får merke verknadene av dette-teologi har berre i underkant av 100 studentar. Den relative delen av studentmassen som tar jus har vore stabilt på rundt 10 prosent sidan midten av 70-talet. Dette er ein relativ auke frå byrjinga av 60-talet då denne delen var rundt 7 prosent. Utan ex.phil.-studentar er den relative oppgangen noko større. Den relative delen jus-studentar i 1979 vil da vere 11.4 prosent i 1979.

Som nemnt i kapittel 2.1 har det etter kvart vorte mindre fruktbart å skilje mellom opne og lukka studium. Likevel, om vi tar for oss dei tradisjonelt opne studia - humanistiske, matematisk-naturvitskapelege og samfunnsvitskapelege faga (NHH trekt frå), jus og teologi, finn vi at desse hadde til saman rundt 65 prosent av studentmassen i 1961. I 1979 hadde desse faga 58 prosent av studentane, dvs. ein relativ nedgang. Det vert derimot ein relativ vekst om vi reknar ex.phil. med til opne studier. Da hadde desse rundt 73 prosent av samla studenttal. Mellom 1961 og 1979 har altså opne studium auka noko mindre enn vi kunne vente ut frå utviklinga av studenttalet samla, dvs. rundt 235 prosent mot totalt 270. Men veksten blir monaleg større om vi reknar ex.phil. med til opne studier i 1979 óg, nemlig 320 prosent og meir enn samla relativ vekst.

Mellom 1970 og 1979 gikk óg den relative delen av studentar på opne studium ned frå 68 til omlag 58 prosent medan prosentdelen var noko høgare, 73 prosent, om vi reknar ex.phil. til opne studium. I perioden 1970 til 1979 har altså talet på studentar i opne studier åleine óg stige mindre enn det samla talet på studentar, nemlig med rundt 13 prosent mot samla 33 prosent. Auken blir derimot relativt lik den samla relative veksten om vi tar med ex. phil.

Fordelinga mellom dei "opne" faga er sterkt endra både frå 1961 og frå 1970. Ex. phil. har gått mykje opp, og både samfunnsvitskap og jus har auka sin relative del. Den relative delen av studentar som studerer humaniora og matematisk-naturvitskapelege fag har derimot gått ned.

Ser vi på matematisk-naturvitskapelege fag saman med ingeniørfag, var dette det største feltet av alle både i byrjinga av 60-talet og i 1978 og 1979. I 1961 hadde det 37.7 og i 1979 22.3 prosent av studentmassen. Utan ex.phil. studentar, blir det siste talet 26.1 prosent. Altså ein relativ nedgang, men framleis eit relativt stort fagområde. Ingeniørstudiet har auka talet på studentar noko sterkare enn matematisk-naturvitskapelege fag elles, nemlig med omlag 130 prosent, mot real- og aktuarfag 110 prosent i same perioden. Veksten i desse faga har likevel, rekna både frå byrjinga av 60-talet og byrjinga av 70-talet, vore etter måten mindre enn i talet på studentar totalt.

Studenttalet på human medisin har auka jamnt sidan byrjinga av 60-talet. Faga her har auka noko meir enn studenttalet samla siden 1970, men mindre enn samla vekst sidan 1960. Den relative delen har såleis gått ned til omlag 8 prosent i 1979 (9.3 prosent utan ex.phil.), frå 10.5 prosent i 1961.

Landbruksfag og veterinærmedisin samla følgjer om lag same mønster. Det har vore ein etter måten sterk oppgang i absolutte tal på studentane særleg sidan 1970, men ein relativ nedgang - frå 4 prosent i 1961 til 2.7 prosent i 1979 (til 3.1 prosent utan ex.phil.)

Tradisjonelt lukka studium samla utgjorde rundt 35 prosent av studentane i 1961, og 27 prosent både i 1970 og 1979. Veksten sidan byrjinga av sekstitalet har altså vore mindre enn for studentmassen samla, og det er dei opne studium med ex.phil. som har bidratt sterkast til veksten i studenttalet. Etter 1970 har den relative veksten vore nokså lik for lukka studium og for opne med ex.phil. samla. I 1979 var det nesten 24.000 studentar på opne studium, 6.000 på ex. phil. m.m. og rundt 11.000 på lukka studium.

Av tabell 4.3 ser vi at av dei omlag 26.000 studentane som var knytta til eit fakultet hausten 1979, heldt 7.802 eller 30.1 prosent på med høgre avdeling. I 1973 var 21.6 prosent i høgre avdeling. Ei slik utvikling som er gjennomgåande ved dei fleste studium, kan vere ein konsekvens av at den kraftige auken i den årlege tilgangen på nye studentar vart broten rundt 1975.

4.2. Norske studentar i utlandet.

Tabell 4.4 syner det samla talet på norske studentar ved ulike studium i utlandet dei seinare åra. Tala byggjer på statistikk frå Statens Lånekasse for utdanning. Studentar som ikkje søkjer nokon form for stønad frå Lånekassa, er ikkje med. Heller ikkje dei som før er registrerte ved ein akademisk lærestad i Noreg, men tar ein mindre del av utdanninga utanlands, er rekna med. Studentar som tidlegare har fått økonomisk stønad fra Lånekassa men som ikkje har fullført studia innan "rimeleg" tid, vil ikkje lenger få stønad og kan hende heller ikkje søkje om dette. På den måten vil også desse falle utanfor statistikken. Det er difor monaleg fleire studentar frå Noreg som faktisk studerar i utlandet, enn det statistikken vår fortel. Ein kan få eit betre bilete av dette frå ANSA (Association of Norwegian Students Abroad). For hjelp til tolking av utviklinga av tala, sjå kommentarar i kap. 2.2 om nye studentar ved utanlandske lærestader.

4.3. Talet på studentar i Noreg og norske studentar i utlandet.

Tabell 4.5 syner talet på studentar sidan 1956 ved norske akademiske lærestader og norske studentar ved utanlandske universitet og vitenskapelige høgskolar.

Talet på studentar i Noreg og norske studentar i utlandet var 42.936 i 1979 dvs. 1.138 fleir enn året før. Av desse var 94.5 prosent ved innanlandske lærestader. I 1979 var noko under 2.000 av studentane i Noreg utanlandske statsborgarar (sjå fotnote 2, tabell 4.5) medan vel 2.700 norske studentar studerte i utlandet. Talet på norske studentar i utlandet svarer i dag til ein langt mindre del av det samla talet på studentar enn for ti år sidan. Delen var 6.5. prosent i 1979 mot 10.9 prosent i 1969. I midten av femtiåra studerte omlag 30 prosent av dei norske studentane utanlands.

Figur II side 13 er ei grafisk framstilling av det samla talet på studentar innanfor kvart fagområde ved norske og utanlandske lærestader samla i tida sidan 1961. Det slår ein at det har vore ein sterk auke i humanistiske, samfunnsvitenskapelige og juridiske fag fram til 1975. Dei siste tre åra legg ein særskilt merke til stansen innan samfunnsvitenskapelige fag og ein liten nedgang innan juridiske fag. Det er viktig å vere klår over at uspesifiserte fag, der ex.phil. studentar er den største gruppa, (sjå tabell 4.1.) ikkje er med i figuren. Her har veksten vore sterk i heile perioden.

Tabell 4.1. Samla tal¹⁾ på studentar ved norske akademiske lærestader etter fagområde og år, registrert i haustsemestret. Absolutte tal og prosentfordeling.

| F a g o m r å d e | | 1961 | 1965 | 1969 | 1979 | 1975 | 1977 | 1978 | 1979 |
|--|---------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Humanistiske fag ²⁾ | Abs.tal | 3138 | 6184 | 8143 | 8297 | 10232 | 8909 | 8101 | 8260 |
| | Prosent | 28.4 | 31.3 | 29.4 | 26.9 | 25.0 | 22.3 | 20.6 | 20.1 |
| Teologi | Abs.tal | 340 | 569 | 612 | 623 | 735 | 763 | 738 | 685 |
| | Prosent | 3.1 | 2.9 | 2.2 | 2.0 | 1.8 | 1.9 | 1.9 | 1.7 |
| Jus | Abs.tal | 767 | 1390 | 2021 | 2480 | 4153 | 4309 | 3967 | 4006 |
| | Prosent | 6.9 | 7.0 | 7.3 | 8.0 | 10.1 | 10.8 | 10.1 | 9.8 |
| Samfunnsvit- skapelege fag ³⁾ | Abs.tal | 703 | 2456 | 5024 | 6106 | 7208 | 6996 | 6922 | 7008 |
| | Prosent | 6.4 | 12.4 | 18.2 | 19.8 | 17.6 | 17.5 | 17.6 | 17.1 |
| Matematisk- naturvitsk.fag | Abs.tal | 2387 | 4078 | 4340 | 4396 | 4957 | 5003 | 4856 | 5054 |
| | Prosent | 21.6 | 20.7 | 15.7 | 14.3 | 12.1 | 12.5 | 12.4 | 12.3 |
| Human medisin ⁴⁾ | Abs.tal | 1157 | 1528 | 2204 | 2426 | 3079 | 3205 | 3316 | 3254 |
| | Prosent | 10.5 | 7.7 | 8.0 | 7.9 | 7.5 | 8.0 | 8.4 | 7.9 |
| Ingeniørfag | Abs.tal | 1784 | 2400 | 3246 | 3408 | 3650 | 3874 | 3986 | 4097 |
| | Prosent | 16.1 | 12.2 | 11.7 | 11.0 | 8.9 | 9.7 | 10.1 | 10.0 |
| Arkitektfag | Abs.tal | 234 | 351 | 412 | 456 | 514 | 530 | 510 | 496 |
| | Prosent | 2.1 | 1.8 | 1.5 | 1.5 | 1.3 | 1.3 | 1.3 | 1.2 |
| Landbruksfag og veterinærmedisin | Abs.tal | 437 | 546 | 671 | 717 | 1076 | 1039 | 1074 | 1078 |
| | Prosent | 4.0 | 2.8 | 2.4 | 2.3 | 2.6 | 2.6 | 2.7 | 2.6 |
| Andre fag ⁵⁾ | Abs.tal | 106 | 187 | 464 | 496 | 1156 | 1179 | 1140 | 1167 |
| | Prosent | 1.0 | 0.9 | 1.7 | 1.6 | 2.8 | 3.0 | 2.9 | 2.8 |
| Uspesifiserte ⁶⁾ fag(ex.phil.) | Abs.tal | • | 54 | 542 | 1424 | 4184 | 3833 | 4703 | 5991 |
| | Prosent | • | 0.3 | 2.0 | 4.6 | 10.2 | 9.7 | 12.0 | 14.6 |
| S u m ¹⁾ | Abs.tal | 11053 | 19743 | 27679 | 30829 | 40986 | 39704 | 39313 | 41096 |
| | Prosent | 100.0 | 100.0 | 100.1 | 100.0 | 100.0 | 100.0 | 100.0 | 100.0 |

Fotnoter til tabell 4.1.

- 1) Ved alle lærestadene studerer ein rad studentar meir enn eit fag. I oppgåvene frå lærestadene er det, med unnatak av Noregs lærarhøgskole, korrigerert for dette ved at studentane er plasserte på faget som på ein eller annan måte blir vurdert som det "viktigaste" det aktuelle semesteret. Noko ulike prinsipp blir følgd for dei ulike lærarstadene. Dobbelttellingane ved Noregs lærarhøgskole gjer at summene i tabellen her er for høge, dvs. 511 meir enn i tabell 4.2 for 1979, men mindre for tidlegare år. Tala for dei einskilte faga må difor tolkast med varsemd. Ei lita kjelde til feil er òg at det for nokre år har vore registrert ferdige kandidatar, (ikkje studentar) for Pedagogisk seminar i Oslo.

- 2) Humanistiske fag femner om fag som høyrer til ved Det historisk-filosofiske fakultet ved Universitetet i Oslo. Historiske, filosofiske og religionsfag høyrer difor til humaniora hos oss.

Geografi i Oslo høyrer til både på Matematisk - naturvitskapeleg og på Historisk - filosofisk fakultet. Men i Bergen finns faget på Matematisk - naturvitskapeleg og på Samfunnsvitskapeleg fakultet, og i Trondheim på Samfunnsvitskapeleg. Før 1979 var faga òg plassert slik i høve til våre kategoriar. Men i 1979 har vi freista å følgje prinsippet om å plassere faga slik dei er plasserte i Oslo, og difor satt den delen av geografi som høyrer under Samfunnsvitskapeleg fakultet på Historisk-filosofisk, slik det truleg ville vært i Oslo.

Mag.art.-studentar var under humaniora til midten av 70-talet, og ikkje på dei tilhørande fagområda, som kunne vere til dømes samfunnsfag. Sjå fotnote 2, tabell 4.2.

- 3) Samfunnsvitskapelege fag femner her om: Sosialøkonomi, sosiologi, statsvitskap, psykologi, etnografi, pedagogikk, studia ved Noregs handelshøgskole og høgre sosionomutdanning i Trondheim, dessutan geografi i Bergen og Trondheim inntil 1979, da det høyrer under humanistiske fag.
- 4) Human medisin omfattar her: Medisin, odontologi, farmasi, medisinske fag ved Universitetet i Tromsø frå 1973. Ernæringsfag var med her i åra 1966 til 1969.
- 5) Omfattar pedagogisk seminar, ernæringsfag frå 1970, fiskerifag frå 1972, musikkhøgskolestudiet frå 1973 og idrettshøgskolestudiet frå 1968.
- 6) Examen philosophicum i Oslo er med her frå 1970, og var rekna som humanistiske fag før det. Elles har vi og med norsk for utlendingar,

uspesifiserte fag og studentar ved andre lærestader som betaler semesteravgift i Oslo i 1979. Det er noko uvisst kva for praksis som har vore følgd tidlegare. "Andre fag" er òg med her for både Oslo, Bergen og Trondheim. I Trondheim er òg 147 ex.phil. - studentar som ikkje er tatt opp ved Lærarhøgskolen med i statistikken for 1979. Slike er ikkje tatt med i 1978 og tidlegare.

Vi må her leggje merke til at det er noko ulik registrering av ex. phil. studentar ved dei ulike universiteta. I Oslo og Bergen vert ein plassert på det andre faget om ein studerer ex. phil. og samstundes anna fag. I Tromsø kjem ein inn under det andre faget dersom dette faget er medisin eller fiskerifag. I Trondheim vert ein plassert baa stader om ein tar ex.phil. og eit fag samstundes, av di dei ikkje har korrigert for dobbeltregistreringar.

Tabell 4.2. Samla tal på studentar ved norske akademiske lærestader etter fag på dei einiskilde lærestadene og år, registrert i haust-semesteret.

| Lærestad/ Fag ¹⁾ | 1960 | 1965 | 1969 | 1970 | 1975 | 1977 | 1978 | 1979 |
|--|------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| <u>Universitetet i Bergen</u> | 963 | 2809 | 4968 | 5790 | 7989 | 7419 | 7264 | 7514 |
| Filologi | 337 | 1225 | 1753 | 1953 | 2306 | 1888 | 1716 | 1690 |
| Teologi | 8 | 34 | 58 | 61 | - | - | - | - |
| Jus | 33 | 30 | 272 | 383 | 726 | 779 | 708 | 719 |
| Psykologi | . | . | . | . | 501 | 551 | 580 | 625 |
| Samfunnsfag elles | . | 23 | 507 | 849 | 899 | 961 | 936 | 1006 |
| Realfag | 380 | 1011 | 1211 | 1290 | 1137 | 1149 | 1100 | 1102 |
| Medisin | 190 | 289 | 426 | 460 | 662 | 655 | 667 | 657 |
| Odontologi | . | 161 | 249 | 258 | 242 | 245 | 236 | 229 |
| Pedagogisk seminar | 15 | 36 | 36 | 50 | 170 | 127 | 112 | 96 |
| Examen philosophicum, andre ³⁾ | . | . | 456 | 486 | 1346 | 1064 | 1209 | 1390 |
| <u>Universitetet i Oslo</u> | 5600 | 11675 | 15507 | 17185 | 20310 | 19295 | 18849 | 19368 |
| Filologi ²⁾ | 2006 | 4444 | 5778 | 5551 | 5665 | 4958 | 4470 | 4485 |
| Teologi | 55 | 102 | 97 | 108 | 100 | 114 | 96 | 82 |
| Jus | 678 | 1360 | 1749 | 2097 | 3427 | 3530 | 3259 | 3287 |
| Sosialøkonomi | 126 | 464 | 708 | 721 | 549 | 451 | 431 | 394 |
| Pedagogikk | 18 | 214 | 743 | 1142 | 916 | 751 | 702 | 636 |
| Psykologi | 180 | 618 | 754 | 884 | 710 | 758 | 795 | 774 |
| Sosiologi | 20 | 105 | 428 | 420 | 808 | 684 | 623 | 633 |
| Statsvitskap | 69 | 241 | 377 | 346 | 367 | 470 | 494 | 494 |
| Etnografi, sos. antropol. | 1 | 22 | 49 | 73 | 168 | 180 | 270 | 254 |
| Samfunnsfag, uspes. | . | 190 | 423 | 418 | 229 | 135 | 24 | 14 |
| Aktuarfag | 23 | 21 | 24 | 5 | 17 | 14 | 11 | 12 |
| Realfag | 1530 | 2816 | 2811 | 2803 | 3013 | 2983 | 2867 | 3042 |
| Farmasi | 103 | 146 | 156 | 153 | 195 | 203 | 207 | 207 |
| Medisin | 600 | 722 | 1017 | 1133 | 1390 | 1350 | 1351 | 1372 |
| Ernæring | . | . | 37 | 41 | 41 | 46 | 46 | 46 |
| Odontologi | 191 | 210 | 356 | 422 | 393 | 389 | 381 | 383 |
| Examen philosophicum, ³⁾ ukjent fagstudium, andre ⁴⁾ | . | . | . | 868 | 2322 | 2279 | 2822 | 3299 |
| <u>Universitetet i Tromsø⁴⁾</u> | . | . | . | . | 1294 | 1294 | 1412 | 1584 |
| Filologi | . | . | . | . | 337 | 303 | 297 | 251 |
| Samfunnsfag | . | . | . | . | 146 | 131 | 145 | 190 |
| Realfag | . | . | . | . | 274 | 301 | 303 | 317 |
| Medisin grunnfag | . | . | . | . | 36 | 36 | 34 | } 279 |
| Medisin | . | . | . | . | 121 | 206 | 241 | |
| Fiskerifag | . | . | . | . | 47 | 57 | 62 | 81 |
| Examen philosophicum | . | . | . | . | 300 | 181 | 247 | 255 |
| Praktisk ped. | . | . | . | . | 33 | 61 | 50 | 44 |
| Sjukepleiarlærarutdann. | . | . | . | . | . | 18 | 33 | 39 |

Tabell 4.2. (fortsatt)

| Lærestad/ Fag | 1960 | 1965 | 1969 | 1970 | 1975 | 1977 | 1978 | 1979 |
|--|------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| <u>Universitetet i Trondheim</u> | 2120 | 3545 | 4719 | 5057 | 7094 | 7387 | 7512 | 7960 |
| Medisin ⁵⁾ | . | . | . | . | 40 | 121 | 120 | 134 |
| <u>Noregs lærarhøgskole⁶⁾</u> | 309 | 904 | 1203 | 1373 | 3101 | 3079 | 3111 | 3438 |
| Filologi | 165 | 477 | 567 | 593 | 1550 | 1387 | 1295 | 1314 |
| Musikk | . | 38 | 45 | 49 | 80 | 76 | 74 | 80 |
| Pedagogikk | 33 | 106 | 149 | 206 | 477 | 428 | 333 | 324 |
| Psykologi | . | . | . | 39 | 136 | 140 | 169 | 160 |
| Sosiologi + sosial- antropologi | . | . | . | 14 | 108 | 145 | 139 | 160 |
| Samfunnskunnskap og geografi | . | . | . | 85 | 148 | 125 | 128 | 192 |
| Realfag | 74 | 230 | 294 | 298 | 516 | 556 | 575 | 581 |
| Pedagogisk seminar | . | 21 | 36 | 34 | 83 | 81 | 87 | 85 |
| Høgre sosionomutdanning | . | . | . | . | 18 | 17 | 11 | 6 |
| Andre, uspes. fag, og ex. phil. ³⁾ | 49 | 62 | 86 | 70 | 216 | 309 | 425 | 1047 |
| <u>Noregs tekniske høgskole</u> | 1811 | 2641 | 3516 | 3684 | 3953 | 4178 | 4281 | 4388 |
| Ingeniørfag | 1664 | 2400 | 3246 | 3408 | 3650 | 3874 | 3986 | 4097 |
| Arkitektfag | 147 | 241 | 270 | 276 | 303 | 304 | 295 | 291 |
| <u>Arkitekthøgskolen i Oslo</u> | 23 | 110 | 142 | 180 | 211 | 226 | 215 | 205 |
| <u>Det teologiske Menighets- fakultet⁷⁾</u> | 208 | 433 | 457 | 605 | 929 | 946 | 891 | 854 |
| Teologi | 208 | 433 | 457 | 454 | 635 | 649 | 642 | 603 |
| Kristendoms-kunnskap | . | . | . | 151 | 294 | 297 | 249 | 251 |
| <u>Pedagogisk seminar i Oslo</u> | 66 | 89 | 200 | 210 | 207 | 224 | 190 | 176 |
| <u>Noregs handelshøgskole</u> | 191 | 527 | 828 | 909 | 1028 | 1069 | 1142 | 1207 |
| Siviløkonomistudiet | 185 | 526 | 814 | 878 | 885 | 977 | 1038 | 1073 |
| Høgre avdelings studium | . | . | . | . | 26 | 37 | 43 | 47 |
| Høgre revisorstudium | . | . | . | . | 63 | 38 | 54 | 79 |
| Handelslærerstudiet | 6 | 1 | 14 | 31 | 54 | 17 | 7 | 8 |
| <u>Noregs veterinærhøgskole</u> | 152 | 173 | 211 | 207 | 239 | 212 | 244 | 248 |
| <u>Noregs landbrukshøgskole</u> | 259 | 373 | 460 | 510 | 837 | 827 | 830 | 830 |
| <u>Noregs idrettshøgskole</u> | . | . | 191 | 200 | 353 | 353 | 361 | 366 |
| <u>Noregs musikkhøgskole⁸⁾</u> | . | . | . | . | 263 | 276 | 278 | 273 |
| Samla tal på studentar ved norske lærestader | 9582 | 19734 | 27683 | 30853 | 40754 | 39608 | 39188 | 40585 |

Fotnoter til tabell 4.2

- 1) Inndelinga av fag følgjer mønstret for skilja mellom fakultet i Oslo (sjå fotnote 2, tabell 4.1). Det er likevel ein skilnad frå tabell 4.1. Geografi i Trondheim er saman med samfunnskunnskap. Eksterne studentar er med i tala for 1979, men det er uvisst om dei er det for ei rad tidlegare år.
- 2) For 1960-69 er studentar som tar examen philosophicum inkluderte i tala for filologi i Oslo. Det same gjeld mag.art. studentar.
- 3) Sjå fotnote 6 til tabell 4.1.
- 4) Oppretta i 1972.
- 5) Oppretta i 1975, førebels ikkje pre-klinisk avdeling.
- 6) Det samla talet på studentar er noko lågare enn summen av studentar på kvart fag fordi nokre studentar studerer meir enn eit fag. Differansen var 511 i 1979. Elles var 147 studentar som tar ex. phil. men ikkje er tatt opp ved Lærarhøgskolen med for 1979, men slike var truleg ikkje med for dei fleste tidlegare år.
- 7) Ein del av studentane i kristendomskunnskap ved Menighetsfakultetet er truleg òg registrerte ved Universitetet i Oslo.
- 8) Studentar registrert første gong hausten 1973.

Tabell 4.3. Samla tal på studentar ved universiteta i Bergen, Oslo, Tromsø og Trondheim (ekskl. studentane ved Noregs tekniske høgskole) etter fakultet¹⁾, avdeling, registrert i haust-²⁾ semestret. Absolutte tall og prosentdel i høgre avdeling.

| Fakultet ¹⁾ | | Studentar | | | | | | Prosentdel i høgre avdeling | | | | | |
|---|---------------------|-----------|-------|-------|-------|-------|-------|-----------------------------|------|------|------|------|------|
| | | 1973 | 1975 | 1976 | 1977 | 1978 | 1979 | 1973 | 1975 | 1976 | 1977 | 1978 | 1979 |
| Teologisk fakultet | 1. avdeling | 88 | 35 | 34 | 42 | 40 | 29 | | | | | | |
| | 2. avdeling | 28 | 32 | 38 | 36 | 34 | 35 | | | | | | |
| | Andre | 16 | 33 | 34 | 36 | 21 | 17 | 21.2 | 32.0 | 35.5 | 31.6 | 35.4 | 42.7 |
| | Ukjent | - | - | 1 | - | 1 | 1 | | | | | | |
| Juridisk fakultet ³⁾ | 1. avdeling | 1131 | 1153 | 1266 | 1187 | 1027 | 1170 | | | | | | |
| | 2. avdeling | 1232 | 1517 | 1615 | 1538 | 1485 | 1297 | | | | | | |
| | 3. avdeling | 684 | 992 | 1084 | 1166 | 1131 | 1123 | 19.1 | 23.9 | 24.5 | 27.1 | 28.2 | 28.0 |
| | Andre | 542 | 484 | 453 | 410 | 356 | 407 | | | | | | |
| | Ukjent | 3 | 7 | 1 | 8 | 17 | 12 | | | | | | |
| Samfunns- vitskapeleg fakultet | Lågare grad | 4139 | 4186 | 4311 | 4116 | 3989 | 4109 | | | | | | |
| | Høgre grad | 1315 | 1471 | 1493 | 1632 | 1680 | 1652 | 21.8 | 24.8 | 24.5 | 27.5 | 29.2 | 28.6 |
| | Andre ⁴⁾ | 338 | 254 | 172 | 161 | 57 | 9 | | | | | | |
| | Ukjent | 243 | 29 | 113 | 18 | 21 | 19 | | | | | | |
| Historisk- filosofisk fakultet | Lågare grad | 7214 | 7366 | 6983 | 6144 | 5534 | 5501 | | | | | | |
| | Høgre grad | 1578 | 2002 | 2070 | 2061 | 2035 | 2177 | 16.4 | 20.0 | 21.8 | 23.9 | 25.9 | 72.2 |
| | Andre | 642 | 543 | 419 | 390 | 247 | 274 | | | | | | |
| | Ukjent | 188 | 97 | 32 | 17 | 36 | 41 | | | | | | |
| Matematisk- naturvit- skapeleg fakultet | Lågare grad | 3786 | 3826 | 3900 | 3634 | 3583 | 3558 | | | | | | |
| | Høgre grad | 1035 | 1180 | 1277 | 1443 | 1388 | 1400 | 20.7 | 22.9 | 24.1 | 27.7 | 27.4 | 26.7 |
| | Andre ⁵⁾ | 159 | 131 | 110 | 99 | 46 | 230 | | | | | | |
| | Ukjent | 26 | 14 | 16 | 30 | 46 | 58 | | | | | | |
| Medisinsk fakultet ⁶⁾ | Preklinisk avdeling | 810 | 865 | 832 | 862 | 871 | 854 | | | | | | |
| | Klinisk avdeling | 1003 | 1094 | 1096 | 1176 | 1170 | 1201 | | | | | | |
| | Andre ⁷⁾ | 306 | 216 | 166 | 170 | 141 | 100 | 47.3 | 50.3 | 51.2 | 53.2 | 53.6 | 55.5 |
| | Ukjent | 2 | 2 | 45 | 1 | 2 | 8 | | | | | | |
| Odontologisk fakultet | 1. avdeling | 247 | 244 | 251 | 254 | 244 | 252 | | | | | | |
| | 2. avdeling | 136 | 126 | 115 | 118 | 121 | 117 | | | | | | |
| | 3. avdeling | 238 | 243 | 239 | 226 | 222 | 214 | 35.8 | 38.3 | 37.1 | 35.6 | 36.0 | 34.8 |
| | Andre ⁸⁾ | 37 | 21 | 37 | 37 | 29 | 29 | | | | | | |
| | Ukjent | 7 | 1 | 2 | - | 1 | - | | | | | | |
| I høgre avdeling ²⁾ | | 5881 | 7014 | 7297 | 7740 | 7660 | 7802 | 21.7 | 24.9 | 25.9 | 28.6 | 30.0 | 30.1 |
| Utan tilknytning til fakultet ⁹⁾ | | 2904 | 4517 | 4296 | 4177 | 5047 | 6179 | | | | | | |
| S u m | | 30077 | 32681 | 32501 | 31189 | 30622 | 32073 | | | | | | |

Fotnoter til tabell 4.3.

- 1) Studentane er grupperte etter studium under det fakultet dei ville hørt til ved Universitetet i Oslo. Geografi i Trondheim og ein del av geografi i Bergen høyrer til Samfunnsvitskapeleg fakultet. Frå 1979 er dette plassert av oss under Historisk- filosofisk fakultet for å følge prinsippet ovanfor. Sjå òg fotnote 6 til tabell 4.1, som forklarar plasseringa av ex.phil.-studentane.
- 2) Høgre avdeling vil på jus og odontologi seie 3. avdeling og på medisin klinisk avdeling.
- 3) 1. avdeling svarar til jus grunnfag i Bergen. "Andre" omfattar kriminologi i Oslo og offentleg rett i Oslo og Bergen.
- 4) Statistikk grunnfag er med her.
- 5) "Andre", aktuarfag og farmasi for 1979 er med her.
- 6) Medisinstudentar ved Universitetet i Tromsø er ikkje rekna med, av di studiet her ikkje er delt inn i ein klinisk og ein preklinisk del. Inntil 1979 er berre medisin grunnfagstudentar tatt med. I 1979 var dei ikkje med av di det ikkje var mogeleg å skilje dei ut frå statistikken. Trondheim har førebels ikkje preklinisk del.
- 7) Inklusive studentane på ernæringslinja, studentar som tar tilleggsprøve for utanlandsmedisinarar, og studentar ved medisin grunnfag i Tromsø til og med 1978.
- 8) Studentar som tar tilleggsprøver for utanlandsodontologar er tatt med.
- 9) Omfattar studentar med ukjent studium, ex. phil.-studentar, studentar ved pedagogiske seminar (under dette Pedagogisk seminar i Oslo som er eigen pedagogisk høgskole), fiskerifagstudentar og sjukepleielærerstudentar, norsk for utlendingar i Oslo i alle fall for 1979 (uvisst tidlegare år). Sjå fotnote 6, tabell 4.1.
- 10) Totalt på studentar her er høgre enn det er reelt, av di nokre studentar i Trondheim er registrerte på fleire fag utan at dette er korrigert (sjå fotnote 6, tabell 4.2. og fotnote 1, tabell 4.1.)

Tabell 4.4. Samla tal på norske studentar ved utanlandske lærestader etter studium og år, registrert i vårsemestret påfølgjande år. 1)

| Studium | 1960 | 1965 | 1969 | 1970 | 1975 | 1976 | 1977 | 1978 | 1979 |
|-----------------------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Arkitektfag | 93 | 130 | 217 | 256 | 220 | 202 | 166 | 133 | 104 |
| Ingeniørfag | 1129 | 1117 | 959 | 834 | 402 | 339 | 371 | 435 | 428 |
| Medisin | 836 | 1175 | 1212 | 1193 | 745 | 738 | 708 | 711 | 712 |
| Odontologi | 484 | 338 | 236 | 195 | 50 | 45 | 28 | 18 | 13 |
| Veterinær- medisin | • | 20 | 56 | 83 | 82 | 88 | 89 | 81 | 64 |
| Handelsfag | 225 | 399 | 464 | 472 | 757 | 808 | 839 | 905 | 949 |
| Andre fag | 53 | 122 | 245 | 232 | 231 | 318 | 343 | 327 | 513 |
| S u m | 2820 | 3301 | 3389 | 3265 | 2487 | 2538 | 2544 | 2610 | 2783 |

- 1) Tala for studentar kvart år er frå rundt mars året etter. Berre utdanningar som svarar til universitetsutdanningar i Noreg skal vere med her. Men frå 1979 er statistikken til Lånekassa lagt om, slik at kategorien "andre fag" òg femner om ein del andre høgre utdanningar. Ved sida av filologi, realfag, lærarutdanning og farmasi, som har vore med i denne kategorien før, er no mellom anna barnevern, kiropraktikk, sosialskolar, hotellfag, journalistikk, bibliotek og fotogrametri med.

Tabell 4.5. Samla tal på studentar ved norske akademiske lærestader og norske studentar ved utanlandske lærestader etter år. 1)

| År ¹⁾ | Studentar i Noreg ²⁾ | Norske studentar i utlandet | Norske studentar i alt ²⁾ |
|------------------|---------------------------------|-----------------------------|--------------------------------------|
| 1956 | 5.990 | 2.575 | 8.565 |
| 1960 | 9.582 | 2.820 | 12.402 |
| 1965 | 19.734 | 3.301 | 23.035 |
| 1966 | 21.509 | 3.656 | 25.165 |
| 1967 | 22.738 | 3.621 | 26.359 |
| 1968 | 24.927 | 3.613 | 28.540 |
| 1969 | 27.669 | 3.389 | 31.058 |
| 1970 | 30.853 | 3.265 | 34.118 |
| 1971 | 33.465 | 2.990 | 36.455 |
| 1972 | 35.565 | 3.032 | 38.597 |
| 1973 | 37.473 | 2.814 | 40.287 |
| 1974 | 39.247 | 2.632 | 41.879 |
| 1975 | 40.754 | 2.487 | 43.241 |
| 1976 | 40.710 | 2.538 | 43.248 |
| 1977 | 39.608 | 2.544 | 42.152 |
| 1978 | 39.188 | 2.610 | 41.798 |
| 1979 | 40.585 | 2.783 | 42.936 |

- 1) Tidspunkt for registreringa er haustsemestret for studentar i Noreg og eit tidspunkt tidleg på våren året etter for norske studentar i utlandet.
- 2) Tala er henta frå tabell 4.1 for norske studentar. Dette femner òg om studentar i Noreg med bustad i utlandet og studentar i Noreg med utanlandsk statsborgarskap. For åra 1960-70 var det gjennomsnittleg 2-300 studentar med bustad i utlandet ved akademiske lærestader i Noreg. Seinare har talet auka, og hausten 1978, siste året det til no finst oppgåver for, var talet kome opp i omlag 1.000. Statistisk Sentralbyrå er kjelda vår. Desse tala er særst usikre som mål på utanlandske studentar i Noreg, fordi norske statsborgarar òg kan ha bustad i utlandet, og utanlandske statsborgarar kan ha bustad i Noreg. Dei er berre nemnt her av di dei er brukt i dei tidlegare meldingane våre, og fordi dei er brukt av Statistisk Sentralbyrå. For 1979 har vi fått oppgitt talet på studentar med utanlandsk statsborgarskap ved all høgre utdanning i Noreg til noko under 2.000. Mest alle desse er ved akademiske lærestader - omlag 1.250 ved Universitetet i Oslo og 350 ved Universitetet i Bergen. (Tala kjem frå ADB-avdelingane ved dei ulike lærestadene.) Talet på utanlandske statsborgarar ved dei akademiske lærestadene i Noreg i 1979 var altså omlag dobbelt så høgt som talet på studentar med bustad i utlandet for 1978.

5. KANDIDATAR UTEKSAMINERT FRÅ AKADEMISKE LÆRESTADER

Tabell 5.1. syner kandidatar frå norske og utanlandske akademiske lærestader, og i tabell 5.2 er desse tala prosentdelt på kandidatgruppe for kvart år.

For 1979 var talet på kandidatar uteksaminert frå akademiske lærestader i Noreg 4629 (førebeles oppgåver). Truleg vil det endelege talet verte over 4700 når alle tilleggslistar vert talde opp. Det kan sjå ut som dette er ein liten nedgang frå året før. Men tala har svinga ein del sidan midten av 70-talet - frå omlag 4.500 til 4.900. Talet for 1979 er omlag ein tredobling frå 1960 og ein auke på mest 1/3 frå 1970.

Talet på norske kandidatar uteksaminert i utlandet i 1979 var omlag 680, dvs. ca. 40 færre enn i 1970, men nesten 200 fleir enn i 1960. Men her må vi merke oss at talet i 1979 ligg noko høgt fordi Lånekassa sine tal ikkje er runda nedover slik som tidlegare år. I byrjinga på 60-talet låg talet på utanlandskandidatar rundt 500. Det steig til over 600 mot slutten av 60-talet og har sidan svinga mellom rundt 600 og 700. Det er særleg talet på ingeniørar og odontologar som har gått ned først i perioden. I 1979 var omlag 13 prosent av kandidatkullet uteksaminert i utlandet, mot vel 16 prosent i 1970, og heile 29 prosent i 1960.

Dei samfunnsvitskapelege og juridiske fakulteta har hatt den sterkaste veksten i talet på uteksaminerte kandidatar mest kvart år. Sidan 1960 har det vore ein eksplosjonsarta auke i talet på samfunnsvitskapelege kandidatar. Det vert uteksaminert over 11 gonger så mange av desse kandidatane i 1979 som i 1960 (siviløkonomar ikkje rekna med). Auken frå 1970 er på omlag 45 prosent. Omlag 10% av talet på nye kandidatar er samfunnsvitarar i dag, mot 8.5 prosent i 1970. Talet på uteksaminerte juristar i 1979 var nesten 4 gonger høgre enn det var i 1960, da talet var ca. 80. Talet på realistar har òg gått etter måten sterkt opp frå 1960. Auken har ikkje vore like sterk som for juristar, men likevel sterkare enn for talet på kandidatar totalt. Talet på uteksaminerte realistar (mest 15 % av kandidatkullet) er likevel dobbelt så stort som talet på juristar og halvannen gong så stort som på samfunnsvitarar i 1979.

Filologar var den største gruppa med omlag 1/5 av kandidatane i 1979. Dei har auka mykje frå 1960, men lite sidan 1970. Relativt var filologane ein mindre del av kandidatkullet i 1960 enn idag. På den tida ver det sivilingeniørane som var den største gruppa - og relativt større enn idag. Da utgjorde dei 1/3 av kandidatkullet mot 15.7 prosent idag. Prosentdelen idag er likevel større enn cand.philol./mag.art. i filologi, slik at vi på eit vis kan rekne sivilingeniørane som den største gruppa idag òg. Det har stadig vorte uteksaminert mange sivilingeniørar i utlandet, men langt færre no enn på sekstitalet og i byrjinga av syttitalet.

Siviløkonomar er no òg ei etter måten stor gruppe, (rundt 10 prosent i 1979) om vi reknar med utanlandskandidatane. Denne gruppa har den største delen utanlandskandidatar. (Merk at talet nok ligg særskilt høgt i 1979 på grunn av endra vurdering av tala til Lånekassa. Dette heng ikkje saman med nokon stor auke mellom 1978 og 1979.) (Sjå fotnote 2 til tabell 5.1.)

Tabell 5.1. Kandidatar frå norske¹⁾ og utanlandske lærestader²⁾ etter kandidatgruppe og år.

| Kandidatgruppe | 1960 | 1965 | 1969 | 1970 | 1975 | 1977 | 1978 | 1979 |
|--|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Filologar: cand.philol. | 57 | 120 | 196 | 233 | 341 | 369 | 340 | 361 |
| mag.art. | 10 | 15 | 27 | 24 | 40 | 38 | 42 | 26 |
| cand.mag. | 134 | 278 | 562 | 693 | 940 | 904 | 859 | 727 |
| Teologar | 22 | 48 | 76 | 79 | 63 | 94 | 88 | 120 |
| Juristar | 83 | 87 | 174 | 233 | 356 | 330 | 449 | 404 |
| Sosialøkonomar: | | | | | | | | |
| cand.oecon. | 2 | 22 | 58 | 77 | 70 | 74 | 67 | 46 |
| exam.oecon. | * | 41 | 92 | 95 | 87 | 63 | 48 | 74 |
| mag.art. | * | * | * | * | * | 2 | - | - |
| cand.polit. | * | * | * | * | * | * | * | 2 |
| Pedagogar: cand.paed. | * | 12 | 12 | 6 | 24 | 19 | 15 | 13 |
| cand.polit. | * | * | 7 | 14 | 25 | 41 | 35 | 25 |
| mag.art. | 5 | 2 | 4 | 2 | 2 | 2 | - | 1 |
| Psykologar: cand.psychol. | 24 | 16 | 54 | 62 | 72 | 87 | 71 | 92 |
| mag.art. | 1 | - | 1 | 3 | 5 | 2 | 6 | 5 |
| Sosiologar: cand.sociol. | * | * | - | 3 | 14 | 14 | 24 | 18 |
| cand.polit. | * | * | * | 2 | 8 | 10 | 8 | 19 |
| mag.art. | 5 | 2 | 5 | 16 | 10 | 10 | 7 | 11 |
| Statsvitarar: | | | | | | | | |
| cand.polit. | * | * | 1 | 3 | 41 | 29 | 30 | 44 |
| mag.art. | 5 | 4 | 10 | 10 | 2 | 2 | 1 | 2 |
| Etnografar: cand.polit. | * | * | 2 | 2 | 4 | 2 | 5 | 10 |
| mag.art. | * | * | 3 | 1 | 8 | 5 | 6 | 2 |
| Andre samfunnsvitarar: | | | | | | | | |
| cand.polit. | * | * | * | 1 | 7 | 8 | 16 | 14 |
| cand.socion. | * | * | * | * | * | * | 2 | 4 |
| cand.mag. | * | * | 60 | 67 | 163 | 167 | 215 | 151 |
| Aktuarar | 5 | 3 | 5 | 8 | 7 | 8 | 11 | 7 |
| Realistar: cand.scient. | * | * | * | * | * | * | * | 7 |
| cand.real. og | | | | | | | | |
| mag.scient. | 73 | 192 | 230 | 254 | 279 | 328 | 348 | 328 |
| cand.mag. | 113 | 344 | 420 | 389 | 464 | 529 | 491 | 451 |
| Interfakultære cand.mag. ³⁾ | * | * | * | * | 28 | 28 | 24 | * |
| Farmasøytar: cand.pharm. | 32 | 24 | 31 | 26 | 31 | 33 | 38 | 36 |
| Medisinarar ⁴⁾ | 149 | 229 | 307 | 310 | 399 | 396 | 437 | 465 |
| med norsk eksamen | 98 | 132 | 174 | 180 | 279 | 289 | 331 | 366 |
| Odontologar ⁴⁾ | 102 | 118 | 125 | 158 | 122 | 134 | 123 | 119 |
| med norsk eksamen | 39 | 91 | 100 | 95 | 122 | 120 | 116 | 111 |
| Sivilingeniørar ⁴⁾ | 537 | 596 | 795 | 1009 | 813 | 817 | 729 | 834 |
| med norsk eksamen | 254 | 344 | 471 | 659 | 633 | 697 | 629 | 691 |
| Arkitektar ⁴⁾ | 42 | 54 | 77 | 112 | 123 | 147 | 120 | 118 |
| med norsk eksamen | 27 | 39 | 57 | 87 | 83 | 97 | 90 | 70 |
| Landbrukskandidatar | 86 | 103 | 143 | 131 | - | 200 | 161 | 165 |
| Veterinærar ⁴⁾ | 17 | 18 | 36 | 30 | 37 | 45 | 62 | 53 |
| med norsk eksamen | 17 | 18 | 36 | 30 | 31 | 45 | 46 | 40 |
| Siviløkonomar ⁴⁾ | 115 | 163 | 334 | 318 | 450 | 450 | 462 | 543 |
| med norsk eksamen | 55 | 83 | 189 | 168 | 225 | 175 | 162 | 186 |
| Høgare avdeling, NHH | * | * | * | * | 6 | 7 | 17 | 11 |
| Handelslærarar | 7 | 7 | 8 | 15 | 25 | 9 | 10 | - |
| Sum | 1626 | 2498 | 3849 | 4376 | 5127 | 5403 | 5367 | 5308 |
| med norsk eksamen | 1154 | 2027 | 3203 | 3658 | 4495 | 4637 | 4808 | 4629 |

Fotnoter til tabell 5.1.

- 1) Tabellen skal vere ein eksamensstatistikk (brutttotal), ikkje ein personstatistikk (netttotal). Det vil seie at når ein student tar ein eksamen fleire gonger, eller tar nye avsluttande eksamenar, skal ho/han bli registrert kvar gong. Det første prinsippet har ikkje alltid blitt følgd for tidlegare år. Det vil seie at ein har prøvd å luke ut dei som tar eksamen om att. Talet på kandidatar kan difor ligge noko lågt for einskilde fag, kan hende særleg jus og sosialøkonomi, der det truleg er vanlegare enn i andre fag å ta eksamen om att for å få betre karakter.

Tala for fleire av kandidatgruppene er òg for låge, av di ein del kandidatar ikkje kjem med på listene det året dei har tatt eksamen, men på tilleggslistar for seinare år. Dette gjeld særleg cand.mag.-gruppene i filologi og realfag. Tala skal verte retta for tidlegare år når vi får tilleggslistene, men det har ikkje vore mogeleg å få gjort dette nøyre nok.

Cand.mag.-eksamen, særleg i realfag er mangelfullt registrert ved lærestadene. Tala for cand.mag. i realfag er difor heile vegen for låge - trass i einskilde rettingar ut frå tilleggslistar. Vi får dessutan ikkje oversyn over cand.mag.-eksamen frå Tromsø.

Kandidatar som tar hovudfag utan å bli t.d. cand.real. eller cand. philol. er ikkje med. Heller ikkje dei som blir adjunkt utan å vere cand.mag. er med.

Cand.polit.-ordninga vart innført i 1968, og dei første kandidatane vart uteksaminert i Oslo våren 1969. Cand.scient./dr.scient.-ordninga vart innført i Oslo 1977, og dei første kandidatane vart uteksaminerte hausten 1979. Cand.real.-ordninga held fram parallelt med denne ordninga til 1985.

- 2) Tala for kandidatar med utanlandsk eksamen er særre usikre. Vi nyttar her to metodar for å få fram tala. (1) For kandidatar med utanlandsk eksamen i arkitektfag, handelsfag og ingeniørfag har vi tatt utgangspunkt i tala for oppgitt sluttår frå Statens lånekasse for utdanning. Av di desse tala er usikre, har vi for tidlegare år satt tala noko lågare enn i oversynet frå Lånekassa. Men då vi eigentleg ikkje har noko grunnlag for å gisse på kor mykje lågare talet skal vere, meiner vi no at det beste er å bruke tala frå Lånekassa som vi får dei. Dette er gjort for 1979, men ikkje retta for tidlegare år. Men vi må altså gjere merksam på at tala er for høge. (2) For medisinarar, odontologar og veterinærar, er det nytta tal på dei som har tatt norske tilleggsprøver. Dei er rekna med det året desse prøvene vart godkjende, ikkje eksamensåret i utlandet. Desse tala omfattar òg utanlandske statsborgarar som tar norsk tilleggseksamen. (3) For andre kandidatgruppas har vi ikkje med tal i det heile tatt.
- 3) Oppgåver over interfakultær cand.mag. finst berre for Oslo, og kom for seint til å bli med i tabellen for 1979.

Tabell 5.2. Kandidatar frå norske¹⁾ og utanlandske lærestader²⁾ prosent-
delt på kandidatgruppe for ulike uteksamineringsår.

| Kandidatgruppe | 1960 | 1965 | 1969 | 1970 | 1975 | 1977 | 1978 | 1979 |
|--|------|-------|-------|------|------|-------|-------|------|
| Filologar: cand.philol. | 3.5 | 4.8 | 5.1 | 5.3 | 6.7 | 6.8 | 6.3 | 6.8 |
| mag.art. | 0.6 | 0.6 | 0.7 | 0.5 | 0.8 | 0.7 | 0.8 | 0.5 |
| cand.mag. | 8.2 | 11.0 | 14.6 | 15.8 | 18.3 | 16.7 | 16.0 | 13.7 |
| Teologar | 1.4 | 1.9 | 2.0 | 1.8 | 1.2 | 1.7 | 1.6 | 2.3 |
| Juristar | 5.1 | 3.5 | 4.5 | 5.0 | 6.9 | 6.1 | 8.4 | 7.6 |
| Sosialøkonomar: | | | | | | | | |
| cand.oecon. | 0.1 | 0.9 | 1.5 | 1.8 | 1.4 | 1.4 | 1.3 | 0.9 |
| exam.oecon. | * | 1.6 | 2.4 | 2.2 | 1.7 | 1.2 | 0.9 | 1.4 |
| mag.art. | * | * | * | * | * | - | * | - |
| cand.polit. | * | * | * | * | * | * | * | * |
| Pedagogar: cand.paed. | * | 0.5 | 0.3 | 0.1 | 0.5 | 0.4 | 0.3 | 0.2 |
| cand.polit. | * | * | 0.2 | 0.3 | 0.5 | 0.8 | 0.7 | 0.5 |
| mag.art. | 0.3 | 0.1 | 0.1 | 0.1 | - | - | - | - |
| Psykologar: cand.psychol. | 1.5 | 0.6 | 1.4 | 1.4 | 1.4 | 1.6 | 1.3 | 1.7 |
| mag.art. | 0.1 | - | - | 0.1 | 0.1 | - | 0.1 | 0.1 |
| Sosiologar: cand.sociol. | * | * | * | 0.1 | 0.3 | 0.3 | 0.5 | 0.3 |
| cand.polit. | * | * | * | 0.1 | 0.2 | 0.2 | 0.2 | 0.4 |
| mag.art. | 0.3 | 0.1 | 0.1 | 0.4 | 0.2 | 0.2 | 0.1 | 0.2 |
| Statsvitarar: | | | | | | | | |
| cand.polit. | * | * | * | 0.1 | 0.8 | 0.5 | 0.6 | 0.8 |
| mag.art. | 0.3 | 0.2 | 0.3 | 0.2 | - | - | - | - |
| Etnografar: cand.polit. | * | * | 0.1 | - | 0.1 | - | - | 0.2 |
| mag.art. | * | * | 0.1 | 0.1 | 0.2 | 0.1 | 0.1 | - |
| Andre samfunnsvitarar: | | | | | | | | |
| cand.polit. | * | * | * | - | 0.1 | 0.2 | 0.3 | 0.3 |
| cand.socion. | * | * | * | * | * | * | - | 0.1 |
| cand.mag. | * | * | 1.5 | 1.5 | 3.2 | 3.1 | 4.0 | 2.8 |
| Aktuarar | 0.3 | 0.1 | 0.1 | 0.2 | 0.1 | 0.2 | 0.2 | 0.1 |
| Realistar: cand.real. og | | | | | | | | |
| mag.scient. | 4.5 | 7.7 | 6.0 | 5.8 | 5.4 | 6.1 | 6.5 | 6.2 |
| cand.scient. | * | * | * | * | * | * | * | 0.1 |
| cand.mag. | 6.9 | 13.7 | 10.9 | 8.8 | 9.1 | 9.8 | 9.2 | 8.5 |
| Interfakultære cand.mag. ³⁾ | * | * | * | * | 0.6 | 0.5 | 0.5 | ** |
| Farmasøytar: cand.pharm. | 2.0 | 1.0 | 0.8 | 0.6 | 0.6 | 0.6 | 0.7 | 0.7 |
| Medisin ²⁾ | 9.2 | 9.1 | 8.0 | 7.1 | 7.8 | 7.3 | 8.2 | 8.8 |
| med norsk eksamen | 6.0 | 5.3 | 4.5 | 4.1 | 5.4 | 5.4 | 6.2 | 6.9 |
| Odontologar ²⁾ | 6.2 | 4.7 | 3.3 | 3.6 | 2.4 | 2.5 | 2.3 | 2.2 |
| med norsk eksamen | 2.4 | 3.6 | 2.6 | 2.2 | 2.4 | 2.2 | 2.2 | 2.1 |
| Sivilingeniørar ²⁾ | 33.0 | 23.8 | 20.7 | 23.1 | 15.9 | 15.1 | 13.6 | 15.7 |
| med norsk eksamen | 15.6 | 13.7 | 12.5 | 15.1 | 12.4 | 12.9 | 11.7 | 13.0 |
| Arkitektar ²⁾ | 2.6 | 2.2 | 2.0 | 2.6 | 2.4 | 2.7 | 2.2 | 2.2 |
| med norsk eksamen | 1.7 | 1.6 | 1.5 | 2.0 | 1.6 | 1.8 | 1.7 | 1.3 |
| Landbrukskandidatar | 5.2 | 4.1 | 3.7 | 3.0 | - | 3.7 | 3.0 | 3.1 |
| Veterinærar ²⁾ | 1.0 | 0.7 | 0.9 | 0.7 | 0.7 | 0.8 | 1.2 | 1.0 |
| med norsk eksamen | 1.0 | 0.7 | 0.9 | 0.7 | 0.6 | 0.8 | 0.9 | 0.8 |
| Siviløkonomar ²⁾ | 7.0 | 6.5 | 8.7 | 7.2 | 8.8 | 8.3 | 8.6 | 10.2 |
| med norsk eksamen | 3.4 | 3.3 | 4.9 | 3.9 | 4.4 | 3.2 | 3.0 | 3.5 |
| Høgare avdeling, NHH | * | * | * | * | 0.1 | 0.1 | 0.3 | 0.2 |
| Handelslærarar | 0.4 | 0.3 | 0.2 | 0.3 | 0.5 | 0.2 | 0.2 | - |
| Sum | 99.7 | 100.1 | 100.2 | 99.9 | 99.8 | 100.0 | 100.2 | 99.8 |
| med norsk eksamen | 71.0 | 81.2 | 83.5 | 83.6 | 87.7 | 89.3 | 89.8 | 87.1 |

1)-3) Sjå tilsvarende fotnoter for tabell 5.1.

6. KVINNELEGE STUDENTAR

6.1. Tilgang på nye kvinnelege studentar

Tabell 6.1 syner prosentdelen kvinner mellom dei nye studentane ved lærestader i Noreg og utlandet. Om vi samanliknar med tilgangen til dei ein-skilde fagstudia, finn vi at den viktigaste skilnaden i prosentdel kvinner er mellom fagstudium, og ikkje mellom lærestad. Men vi manglar fullstendige oppgåver for talet på nye kvinnelege studentar. Difor må vi når det gjeld kvart fag, vise til kap. 6.2. for analyse av prosentdelen kvinner av samla tal på studentar.

Vi ser av tabellen at 48.8 prosent av dei nye studentane i Noreg og utlandet var kvinner i 1979. Det har vore ein kraftig vekst i det relative talet på nye kvinnelege studentar sidan tidleg på 60-talet, da det var noko under 1/4. I 1970 var det auka til 1/3, og no er altså nesten halvparten av dei nye studentane kvinner.

Tilgangen på kvinnelege studentar er ulik ved dei ulike lærestadene. Både ved Noregs lærarhøgskole, Universitetet i Oslo og ved Universitetet i Bergen var over halvdelene av dei nye studentane kvinner i 1979. Størst var delen ved Lærarhøgskolen. Ved vitskapelege høgskolar utanom Lærarhøgskolen var omlag 1/5 av dei nye studentane kvinner. Noregs tekniske høgskole hadde til dømes ein kvinneandel på 12.1 prosent, Menighetsfakultetet 18.3, Musikkhøgskolen 33.3 og Landbrukshøgskolen 30.5 prosent. Ved lærestader i utlandet veit ein for tidlegare år ikkje nøye kor stor del av tilstrøyminga som var kvinner. Tala har vore gissa u frå talet på kvinnelege studentar i utlandet i alt. For 1979 er talet oppgitt til 33.6 prosent. Dette er ein sterk auke frå året før, og det har vore ein jamn vekst heilt sidan byrjinga på sekstitalet.

Om vi jamnfører tilgangen til ein-skilde fagstudium der vi har tal, ser vi klare skilnader i prosentdelen kvinner jamvel om det òg innan same fag kan vere visse skilnader mellom lærestadene. For 1979 manglar vi tal for Lærarhøgskolen. Av dei nye filologistudentane elles var nær 65 prosent kvinner, mot berre 12 prosent av dei nye ingeniørstudentane. 44 prosent av dei nye medisinarstudentane var kvinner i 1979.

Av det samla talet på nye kvinnelege studentar i Noreg utanom Lærarhøgskolen, hadde 53 prosent ikkje avgjort kva studium dei skulle ta til med ved immatrikuleringa/opptaket i 1979. Til samanlikning kan vi nemne at omlag 25 prosent av dei nye mannlege studentane ikkje hadde avgjort dette. Av dei kvinnene som hadde vald studium, hadde 23.5 prosent tenkt å studere filologi mot omlag 8 prosent av dei nye mannlege studentane (Lærarhøgskolen unnatatt).

Tabell 6.1. Prosentdel kvinner av tilgangen på studentar¹⁾ etter lærestad og år.

| Lærestad | 1962 | 1965 | 1969 | 1970 | 1975 | 1977 | 1978 | 1979 |
|-------------------------------------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Universitetet i Tromsø | • | • | • | • | 38.0 | 43.2 | 45.4 | 44.4 |
| Universitetet i Oslo | 32.5 | 35.1 | 37.4 | 41.0 | 50.8 | 53.1 | 57.3 | 58.5 |
| Universitetet i Bergen | 27.2 | 25.3 | 35.1 | 34.6 | 47.5 | 50.1 | 53.2 | 54.1 |
| Noregs lærarhøgskole | 34.0 | 41.2 | 48.7 | 46.5 | 52.1 | 55.8 | 57.0 | 62.1 |
| Andre norske høgskolar | 4.6 | 4.1 | 5.8 | 6.9 | 16.0 | 18.7 | 19.4 | 20.9 |
| Norske lærestader | 26.7 | 28.7 | 32.0 | 34.7 | 43.6 | 45.4 | 48.1 | 49.9 |
| Lærestader i utlandet ²⁾ | 7.6 | 8.6 | 10.8 | 13.9 | 17.0 | 21.0 | 25.0 | 33.6 |
| S u m | 23.8 | 26.1 | 24.9 | 33.1 | 42.4 | 43.9 | 46.1 | 48.8 |

- 1) For definisjon av nye studentar, sjå fotnote 1, tabell 2.1. side 26. Prosentane er rekna ut frå tabell 2.1. og 2.2. Studentane ved Noregs idrettshøgskole har ikkje vore tatt med i tidlegare år, og er difor heller ikkje med i 1979. Bakgrunnen for dette var at omlag halvdelen av studentane her truleg er registrerte ved ein annan lærestad tidlegare. Men både i Tromsø og Trondheim og ved ei rekke lukka studium og høgskolar elles kan ein ha vore registrert ved ein annan lærestad tidlegare. Difor skulle det ikkje vere nokon grunn til å skilje ut Idrettshøgskolen spesielt. (Musikkhøgskolen er rekna med først frå 1977.)
- 2) Prosentdelen kvinner for nye norske studentar i utlandet er òg uviss av di registreringa av nye norske studentar i utlandet er ufullstendig (sjå kap. 2.2).

6.2. Kvinnelege studentar i alt

Hausten 1979 var det rundt 16.400 kvinnelege studentar i Noreg, dvs. 40.4 prosent av det samla talet på 40.585. 26.6 prosent eller omlag 740 av dei norske studentane ved utanlandske lærestader var kvinner. (Sjå tabell 4.5 side 48.) Sidan 1970 har prosentdelen kvinner av det samla talet på studentar i Noreg og i utlandet stige frå 26.4 til 39.5 prosent.

Sidan 1970 er det absolutte talet på kvinnelege studentar i Noreg nesten dobla, det har auka frå ca. 8.500 til over 16.000 studentar. På same tid har det samla talet på studentar auka frå omlag 30.000 til omlag 40.000 dvs. med omlag 1/3.

Ved kvar einskild akademisk lærestad har det vore ein vekst i prosentdelen kvinnelege studentar det siste tiåret, men varierende frå stad til stad. I heile perioden har Noregs lærarhøgskole hatt relativt flest kvinner mellom studentane sine, 51.5 prosent i 1979 mot 40.4 i 1970. Prosentdelen har vore litt mindre ved Universitetet i Oslo, og var på 47.1 prosent i 1979, mot ca. 34 prosent i 1970. Universitetet i Tromsø ligg no på omlag same nivå som Bergen, begge med omlag 42 prosent kvinner. Handelshøgskolen, NTH og MF har derimot i heile perioden hatt mykje lågare kvinneandel. NTH hadde 4 prosent kvinner i 1970 og nådde 10.3 prosent i 1979. Både MF og NHH hadde rundt 6 prosent kvinner i 1970. Handelshøgskolen har no nådd nesten 20 prosent, medan Menighetsfakultetet med 12.3 ligg noko høgre enn NTH. Sidan 1970 har altså det relative talet på kvinnelege studentar gått opp med rundt 11-13 prosenteningar både på Universiteta i Oslo og Bergen, på Lærarhøgskolen og på Handelshøgskolen. Oppgangen har vore etter måten mindre på NTH og MF.

På alle stadene har det samstundes vore ein vekst i det samla studenttalet. Vi ser dessutan at Handelshøgskolen har hatt den sterkaste prosentvise auken i talet på kvinnelege studentar sidan 1970, dvs. mykje høgre enn den relative auken i talet på kvinnelege studentar ved alle lærestader samla. Etter det følgjer Lærarhøgskolen, NTH og MF, som alle har større prosentvis vekst enn ein skulle vente ut frå veksten i det totale talet på kvinner. Likevel låg altså NTH og MF lågast i 1979 med omsyn til prosentdel kvinner. Utgangspunktet her var altså så lågt at det så å seie skal mykje til for å ta att "forspranget" som dei andre har.

Tabell 6.2. syner kvinner av samla studenttal ved norske akademiske lærestader, prosentuert på fagområde for kvart år. Vi ser at innanfor dei fleste fagområda har kvinneandelen auka jamnt sidan slutten av sekstitalet. Mellom 1970 og 1979 er prosentdifferansen størst i veterinærmedisin, så følgjer statsvitenskap, odontologi, jus, medisin, landbruksfag, arkitekt og handelshøgskolestudiet. Innan alle desse studia er veksten i prosentdelen kvinner større enn for alle fag samla. Men utviklinga i farmasi skil seg ut. Her har prosentdelen kvinner gått ned. Truleg har det samanheng med at det vart innført krav om reallinje ved opptaket frå 1968. (Gamal og ny ordning galdt side om side til 1971.)

Av tabellen ser vi òg at det berre er farmasi, ernæringsfag og etnografi som har hatt fleire kvinnelege enn mannlege studentar heile perioden. Sidan 1975 har det vore fleire kvinnelege enn mannlege filologistudentar og det same gjeld pedagogikk. Psykologi har òg hatt rundt halvdelen kvinnelege studentar sidan midten av syttitalet. I 1978 og 1979 har kvinnene vore i fleirtal ved dette studiet. Elles hadde sosiologi, odontologi og idrettsfag meir enn 40 prosent kvinner i 1979, og ein del fag har no kome over 30 prosent kvinner - det gjeld Musikkhøgskolen, medisin, sosialøkonomi, statsvitskap og arkitektfag. Pedagogisk seminar her svinga mellom 35 og 40 prosent kvinner sidan byrjinga på sekstitalet. Kvinneandelen er framleis låg på ingeniørfag med 8.7 prosent i 1979, og lågast av alle var fiskerifag med 2.5 prosent.

Tabell 6.2. Prosentdel kvinner av samla studenttal ved norske akademiske lærestader etter fagområde og år, registrert i haustsemestret.¹⁾

| F a g o m r å d e | 1962 | 1965 | 1969 | 1970 | 1975 | 1977 | 1978 | 1979 |
|------------------------------------|--------------------|--------------------|------|------|------|------|------|------|
| Filologi | 44.7 | 47.1 | 48.7 | 49.1 | 52.6 | 55.6 | 56.6 | 57.1 |
| Teologi | 8.8 | 8.4 | 7.8 | 7.7 | 10.2 | 12.5 | 12.2 | 14.5 |
| Jus | 7.6 | 11.8 | 14.2 | 16.6 | 27.0 | 30.4 | 33.4 | 34.8 |
| Sosialøkonomi | 3.3 | 4.1 | 5.4 | 5.8 | 8.4 | 13.5 | 15.9 | 16.1 |
| Pedagogikk | 19.6 | 28.8 | 41.3 | 42.1 | 54.2 | 54.0 | 56.4 | 57.3 |
| Psykologi | 36.1 | 40.9 | 41.6 | 41.0 | 49.1 | 49.3 | 50.9 | 52.9 |
| Sosiologi | 28.1 | 29.5 | 32.9 | 36.6 | 41.2 | 44.2 | 46.0 | 47.0 |
| Statsvitenskap | 12.8 | 9.5 | 14.1 | 12.4 | 22.6 | 27.1 | 43.4 | 32.7 |
| Etnografi, sosial- antropologi | 80.0 | 72.7 | 53.1 | 50.7 | 51.8 | 51.8 | 52.7 | 54.1 |
| Uspes. samfunnsfag ²⁾ | • | 22.0 | 28.2 | 30.1 | 33.8 | 33.2 | 33.0 | 43.1 |
| Aktuarfag | 5.4 | 9.5 | 8.3 | - | 29.4 | 35.7 | 36.4 | 16.7 |
| Realfag | 17.5 | 14.6 | 15.1 | 16.2 | 21.0 | 21.5 | 23.4 | 24.5 |
| Farmasi, sjukepleiarar | 72.2 | 72.6 | 74.4 | 71.2 | 59.5 | 60.1 | 63.8 | 71.1 |
| Medisin | 11.7 | 16.3 | 18.6 | 17.3 | 22.9 | 28.4 | 30.5 | 34.9 |
| Odontologi | 21.6 | 23.5 | 26.0 | 25.0 | 34.5 | 38.3 | 40.2 | 43.3 |
| Ingeniørfag | 1.7 | 3.2 | 3.1 | 2.8 | 6.2 | 7.6 | 8.0 | 8.7 |
| Arkitektfag | 22.4 | 17.8 | 16.0 | 18.5 | 23.3 | 30.9 | 31.8 | 32.3 |
| Landbruksfag | 3.4 | 4.3 | 5.9 | 7.6 | 16.5 | 21.6 | 21.2 | 24.6 |
| Veterinærmedisin | 9.9 | 9.8 | 4.7 | 11.6 | 28.0 | 34.4 | 34.4 | 38.7 |
| Handelshøgskolestud. ³⁾ | 1.4 | 3.2 | 4.9 | 6.5 | 9.8 | 14.8 | 17.3 | 19.5 |
| Ernæringsfag | • | • | 94.6 | 90.2 | 80.5 | 84.8 | 78.3 | 87.0 |
| Fiskerifag | • | • | • | • | • | 3.4 | 3.2 | 2.5 |
| Musikkhøgskolestudium | • | • | • | • | 39.5 | 38.6 | 39.6 | 39.9 |
| Idrettsfag | • | • | 41.9 | 40.5 | 31.9 | 38.8 | 44.2 | 41.5 |
| Pedagogisk seminar | 30.1 | 39.0 | 35.7 | 40.7 | 45.8 | 42.2 | 44.0 | 39.9 |
| Andre og uspes. fag | • | 40.8 | 52.6 | 61.7 | 57.7 | 62.6 | 61.0 | 63.0 |
| S u m | 22.5 ⁴⁾ | 24.4 ⁴⁾ | 26.9 | 28.1 | 35.6 | 37.1 | 38.5 | 40.5 |

1) Prosentueringa er gjort frå tabell 4.1 og frå grunnlagsmaterialet til denne tabellen. Sjå fotnotene til denne tabellen.

2) I Tromsø er alle samfunnsfag plasserte her.

3) For åra 1962-73 er ikkje handelsslærarstudentar rekna med.

4) Det er uvisst om Pedagogisk seminar er rekna med i prosent for totaltalet her.

6.3. Uteksaminerte kvinnelege kandidatar

Tabell 6.3. syner kor stor del av dei uteksaminerte kandidatane som var kvinner for ulike år sidan 1961. Det går fram av tabellen at det relative talet på kvinnelege kandidatar kvart år har vore mindre enn kvinneandelen av samla studenttal (sjå tabell 6.1). Denne andelen er igjen mindre enn andelen kvinner av tilgangen på studentar (sjå tabell 6.2). Auken i det relative talet på kvinnelege kandidatar har òg vore mindre enn veksten i samla studenttal, som igjen er mindre enn auken i kvinneandelen av tilgangen på nye studentar.

På omlag ti år har prosentdelen kvinner av eit kull med kandidatar vakse frå rundt 15 til rundt 25 prosent. Om vi held kandidatar med utanlandsk eksamen utanfor, får vi 27 prosent kvinner i 1979 mot omlag 18 prosent ti år før. Samanlikna med 1970 er det veterinærar og landbrukskandidatar som har hatt den største auken i det relative talet på kvinner. Etter desse kjem samfunnsfag og filologi. Dei fleste faga elles har òg auka kvinneandelen.

Langt dei fleste kvinnelege kandidatane er filologar. I 1979 utgjorde desse 45.6 prosent av dei kvinnene som vart uteksaminerte ved akademiske lærestader i Noreg. Om kandidatane frå utlandet vert rekna med, var prosenten 42.7. Av kvinnene i det totale kandidatkullet i 1979 hadde 12.7 prosent eksamen i samfunnsvitskapelege fag og 10.6 prosent i realfag. 8.6 prosent av kvinnene var medisinarar, og 6.4 prosent juristar. Dei andre kandidatgruppene hadde mindre prosentdelar av dei kvinnelege kandidatane - t.d. siviløkonomi 4.2 prosent.

Dette er til dels ei endring frå 1970 da enda fleire av dei kvinnelege kandidatane, relativt sett, var filologar. I 1970 var prosenttalet 57.1, og kvinneandelen var over 50 prosent heilt til midten av 70-talet. Relativt færre kvinner var samfunnsvitarar i 1970, og den relative delen kvinnelege realistar var omlag som idag. Andelen av kvinner på medisin og jus var òg omlag som idag. Derimot er det relativt færre kvinner av det totale kullet som vert farmasøytar idag enn i 1970.

Om vi samanlikner med menn, finn vi at relativt fleire av desse var realistar, sivilingeniørar og siviløkonomar i 1979. Relativt mange færre menn enn kvinner var filologar i 1979, og relativt nokre færre var samfunnsvitarar (siviløkonomar unnatt). Men den relative delen av kvinnelege kandidatar på medisin var omlag like stor som den tilsvarande delen for menn, dvs. rundt 9 prosent. Det same gjeld for jus, med noko under 8 prosent.

Farmasi hadde den største kvinneandelen blant kandidatgruppene i 1979. Dette var den einaste gruppa med over halvdel kvinner. Slik var situasjonen òg i 1970. Etter farmasi kjem cand.mag. i filologi, pedagogikk, cand.socion., sosiologi og cand.philol., alle med over 40 prosent kvinner i 1979. Det var stort sett dei same faga som låg på topp med omsyn til kvinneandel i 1970, men da med etnografi, cand.mag. i filologi, cand.philol., psykologi og sosiologi etter farmasi.

Tabell 6.3. Prosentdel kvinner av dei ulike kandidatgruppene uteksaminert ved norske¹⁾ og utenlandske²⁾ lærestader for ulike år.³⁾

| Kandidatgruppe | 1961 | 1965 | 1969 | 1970 | 1975 | 1977 | 1978 | 1979 |
|--|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Filologar: cand.philol. | 17.2 | 25.0 | 27.6 | 30.9 | 34.1 | 44.5 | 40.0 | 44.6 |
| mag.art. | - | 20.0 | 26.0 | 25.0 | 25.0 | 18.4 | 45.2 | 26.9 |
| cand.mag. | 35.4 | 45.5 | 46.8 | 41.2 | 47.0 | 51.2 | 54.1 | 55.2 |
| Teologar | - | 2.1 | 2.6 | 8.9 | 6.3 | 6.4 | 8.0 | 10.8 |
| Juristar | 11.5 | 4.6 | 6.3 | 9.9 | 11.5 | 12.0 | 21.8 | 21.3 |
| Sosialøkonomar ⁴⁾ : | | | | | | | | |
| cand.oecon. | 10.0 | 9.1 | 3.4 | 1.3 | 1.4 | 2.7 | 9.0 | 6.5 |
| exam.oecon. | • | 2.4 | 6.5 | 2.1 | 4.6 | 12.7 | 8.0 | 18.9 |
| Pedagogar | 14.3 | 45.4 | 8.7 | 8.7 | 29.4 | 38.7 | 28.6 | 51.3 |
| Psykologar | 37.5 | 37.5 | 34.6 | 27.7 | 35.1 | 37.1 | 30.0 | 38.1 |
| Sosiologar | - | - | 40.0 | 26.3 | 34.4 | 26.5 | 38.5 | 45.8 |
| Statsvitarar | - | - | - | 10.0 | 4.7 | 12.9 | 3.2 | 10.9 |
| Etnografar | • | • | 20.0 | 66.7 | 75.0 | 14.3 | 27.3 | 30.0 |
| Andre samfunnsvitarar: | | | | | | | | |
| cand.polit. | • | • | • | - | 42.9 | 37.5 | 8.3 | 28.6 |
| cand.socion. | • | • | • | • | • | • | 50.0 | 50.0 |
| cand.mag. | • | • | 26.7 | 29.9 | 33.1 | 36.5 | 38.1 | 39.1 |
| Aktuarar | - | - | - | - | - | 25.0 | 9.1 | - |
| Realistar: cand.real. og | | | | | | | | |
| mag.scient. | 14.4 | 10.4 | 7.8 | 7.5 | 16.2 | 20.4 | 16.4 | 18.0 |
| cand.scient. | • | • | • | • | • | • | • | 14.3 |
| cand.mag. | 20.4 | 14.8 | 13.1 | 14.0 | 20.2 | 19.3 | 17.7 | 18.0 |
| Interfakultære cand.mag. ⁵⁾ | • | • | • | • | 50.0 | 35.7 | 45.8 | •• |
| Farmasøytar: cand.pharm. | 83.3 | 70.8 | 71.0 | 92.3 | 61.3 | 66.7 | 89.5 | 63.9 |
| Medisinærar | 11.4 | 16.6 | 18.2 | 17.7 | 16.3 | 19.4 | 23.3 | 24.7 |
| med norsk eksamen | 10.8 | 14.4 | 16.7 | 18.9 | 19.7 | 17.3 | 24.8 | 24.9 |
| Odontologar | 26.1 | 14.4 | 31.2 | 20.9 | 19.7 | 29.1 | 43.1 | 26.9 |
| med norsk eksamen | 40.0 | 13.2 | 28.0 | 22.1 | 19.7 | 30.0 | 41.4 | 25.0 |
| Sivilingeniørar | 1.1 | 1.2 | 2.5 | 2.2 | 3.9 | 4.4 | 6.0 | 6.0 |
| med norsk eksamen | 1.7 | 1.7 | 3.1 | 2.7 | 4.8 | 4.6 | 6.4 | 5.9 |
| Arkitektar | 10.5 | 11.1 | 22.1 | 14.3 | 16.3 | 21.8 | 30.8 | 22.0 |
| med norsk eksamen | 7.1 | 7.7 | 24.6 | 12.6 | 18.1 | 22.7 | 33.3 | 21.4 |
| Landbrukskandidatar | 2.6 | 2.9 | 7.0 | 3.1 | - | 12.5 | 24.8 | 20.6 |
| Veterinærar | 13.6 | 5.6 | 8.3 | - | 8.1 | 26.7 | 21.0 | 34.0 |
| med norsk eksamen | 13.6 | 5.6 | 8.3 | - | 6.5 | 26.7 | 19.6 | 35.0 |
| Siviløkonomar | 3.0 | 1.2 | 1.2 | 3.8 | 5.9 | 7.1 | 10.0 | 10.1 |
| med norsk eksamen | 3.2 | - | 1.1 | 4.2 | 8.0 | 10.3 | 13.0 | 11.3 |
| Høgare avdeling, NHH | • | • | • | • | 16.7 | - | 5.9 | - |
| Handelslærar | - | - | - | - | 19.0 | - | - | - |
| Sum | 13.1 | 13.7 | 16.3 | 15.7 | 20.8 | 23.3 | 25.8 | 25.1 |
| med norsk eksamen | 15.6 | 15.4 | 18.1 | 17.5 | 22.7 | 24.8 | 27.4 | 27.0 |

Fotnoter til tabell 6.3

- 1) og 2) Sjå tilsvarende fotnoter til tabell 5.1 side 50.
- 3) Vi gjer merksam på at når tala i tabell 6.1 har vorte retta etter at tilleggslistene har kome, er ikkje alltid tala i tabell 6.3 blitt retta i høve til dette. Difor er det ikkje mogleg å rekne seg tilbake til nøyaktige tal for talet på uteksaminerte kvinner.
- 4) 2 mag.art. i 1977 og 2 cand.polit. i 1979 var menn. Desse er ikkje tatt med her, med dei er tatt med i utrekninga av kvinneandelen i summen av alle kandidatar.
- 5) Sjå fotnote 3) til tabell 5.1 side 50.

7. STUDENTAR VED DISTRIKTSHØGSKOLANE¹⁾

7.1. Tilgang på studentar

Talet på nye studentar ved dei ulike studieretningane ved distriktshøgskolane sidan 1972 er stilt opp i tabell 7.1. I tabell 7.2 er tilgangen prosentdelt på studieretningane for kvart år. (Sjå tabell 7.5 for kva for skolar dette gjeld.)

Vi ser at noko over 2.800 studentar tok til å studere på dei tolv distriktshøgskolane i 1979. Merk at dette kan omfatte ein del som har studert ved skolen tidlegare. Truleg gjeld dette særleg for revisjonsfag og ved filologiske og humanistisk/estetiske studieretningar. Dei fleste nye studentar byrjar enten på filologisk og humanistisk/estetisk, økonomisk/administrativ eller samfunnsfagleg studieretning.

I 1979 var det 59 prosent kvinner blant dei nye studentane på filologi og hum./estetisk og på pedagogikk og 60 prosent kvinner på reiseliv. Dette var dei tre linene med klårt høgast kvinndel blant nybyrjarane. Etter det kjem idrettsfag med 46.6, natur/miljøvern med 19.5, samfunnsfag med 38.6 og media med 31.6 prosent. Resten av linene hadde under 30 prosent nye kvinner.

7.2. Samla studenttal

I tabell 7.3 er talet på studentane ved dei ulike studieretningane på distriktshøgskolane stilt opp for kvart år sidan 1972. Tala prosentdelt på studieretningar for kvart år finn ein i tabell 7.4.

Hausten 1979 var det omlag 4.500 studentar ved dei tolv distriktshøgskolane i landet. (Sjå tabell 7.5 for kva for skolar dette gjeld.) Vi ser at mest 65 prosent av studentane gikk på dei tre største studieretningane. Økonomisk - administrativ var størst med vel 29 prosent. Så kom samfunnsfag med nær 18 og filologiske og humanistisk/estetiske med 17 prosent. Desse tre var òg mellom dei største studieretningane i 1972. Men da var øk./adm. relativt større, og matematikk tok relativt mest like mange som samfunnsfag. 70 prosent av studentane fordelte seg da på desse fire største studieretningane. Studenttalet samla på distriktshøgskolane har auka med nesten 150 prosent sidan den gongen. Dette er ein relativt større auke enn auken i studentalet i universitetssektoren i Noreg elles.

1) Undervisning som kan gå føre seg på distriktshøgskolen men formelt ikkje hører til her, er ikkje rekna med. Det gjeld ex.phil. og somme andre kurstilbod, t.d. knytta til lærarutdanning eller ingeniørutdanning på same staden. (Sjå òg fotnotene til tabell 7.5.) Dei første distriktshøgskolane vart etablert i 1969.

Det er relativt færre kvinnelege studentar ved distriktshøgskolane enn ved dei akademiske lærestadene i Noreg. Hausten 1979 var 34.8 prosent av distriktshøgskolestudentane kvinner, mot 40.5 prosent av studentane ved universitet og vitskapelege høgskolar. Prosentdelen kvinner på filologisk og humanistisk/estetiske studieretningar på DH-skolane var 60.8 mot 57.1 på universiteta. Same tilhøvet ser vi for pedagogikk, der kvinnedelen er 61.5 mot 57 prosent på universiteta. Elles er det vanskeleg å samanlikne studieretningar og fagområde direkte for universitet og distriktshøgskole. Men om vi samanliknar til dømes matematikk på DH som har 25.3 prosent kvinner, med realfag på universitetet som har 24.5 prosent, ser vi altså at heller ikkje her er skilnaden så stor.

Det var filologiske og humanistiske/estetiske fag, pedagogikk og reiseliv som hadde størst kvinnedel i 1979. Dei to første gruppene hadde rundt 61 prosent kvar, og reiseliv 56 prosent. Elles hadde samfunnsfag og idrettsfag i same følgd 46.6 og 41 prosent kvinner. Natur- og miljøvern hadde 35.8 og media 34.9 prosent kvinner, medan resten hadde mindre enn 30 prosent, med transport/skipsfartsfag lågast på 5.7 prosent kvinner.

Tabell 7.5 syner talet på distriktshøgskolestudentar sidan 1973 etter skolefylke. Her er óg prosentdelen kvinner for kvart skolefylke og år.

Dei ti fylka har til saman tolv distriktshøgskolar. Vi ser av tabellen at det er skilnad mellom fylka i prosentdel kvinnelege studentar. Dette har i første rekke samanheng med studieretningane som finst ved dei ulike skolane. Den lågaste kvinnedelen i 1979 finst i Møre og Romsdal der det er skolar i Molde og Volda. Det skriv seg i stor grad frå dei mannsdominerte studieretningane i Molde - øk./adm., revisjon, EDB, matematikk, transport og statsvitskap/offentleg administrasjon. At kvinnedelen likevel er så høg som 28 prosent, kjem av at det i Volda er studieretningar med ein høgare kvinnedel - til dømes filologi og media. Den høgste kvinnedelen - 52 prosent, i Oppland, kjem av at det særskilt på pedagogikk er mange kvinnelege studentar.

Tabell 7.1. Tilgang på fulltids studentar¹⁾ ved distriktshøgskolane²⁾ etter studieretning og år.

| Studieretning | 1972 | 1973 | 1974 | 1975 | 1976 | 1977 | 1978 | 1979 |
|---|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Filologisk og hum./estetisk ³⁾ | 224 | 293 | 436 | 535 | 514 | 526 | 564 | 658 |
| Pedagogisk | 72 | 95 | 82 | 114 | 100 | 105 | 122 | 127 |
| Økonomisk/administrativ ⁴⁾ | 311 | 347 | 350 | 501 | 540 | 524 | 635 | 683 |
| Samfunnsfagleg ⁵⁾ | 152 | 219 | 268 | 384 | 419 | 426 | 434 | 588 |
| Media | 43 | 43 | 28 | 37 | 37 | 42 | 42 | 41 |
| Teknisk/økonomisk ⁶⁾ | 30 | 28 | 18 | 20 | 20 | 27 | 24 | 45 |
| Matematisk ⁷⁾ | 174 | 202 | 186 | 224 | 202 | 176 | 226 | 223 |
| Teknisk/naturvitenskapeleg ⁸⁾ | 119 | 106 | 128 | 156 | 164 | 176 | 148 | 162 |
| Natur- og miljøvern ⁹⁾ | 59 | 50 | 53 | 55 | 57 | 76 | 78 | 76 |
| Reiseliv | 40 | 53 | 50 | 52 | 49 | 54 | 54 | 50 |
| Transport- og skipsfartsfagleg | 59 | 79 | 78 | 74 | 76 | 86 | 99 | 101 |
| Fiskerifagleg | 5 | 7 | 6 | 10 | 13 | 18 | 31 | 45 |
| Idrettsfagleg | • | • | • | • | 19 | 20 | 30 | 30 |
| S u m | 1285 | 1522 | 1683 | 2162 | 2210 | 2256 | 2487 | 2829 |

1) Med unnatak av nokre få deltidsstudentar i Volda for perioden før 1979, er dette fulltidsstudentar.

Studentar som formelt hører inn under eit universitet, er rekna med ved universiteta, ikkje i tabellar for distriktshøgskolane. Dette gjeld m.a. dei som tar ex.phil.

Ny student er definert noko ulikt ved dei einskilde distriktshøgskolane. Nokre stader er det dei som har tatt mot studieplass ved 1. studieår, dvs. dei som er heilt nye ved skolen. Andre stader er det dei som er nye ved dei einskilde faga. Definisjonene på ny student er altså heller ikkje eintydig. (Jmf. definisjonane på ny student for universiteta - fotnote 1, tabell 2.1).

2) Sjå tabell 7.5 for kva for skolar dette gjeld.

3) Omfattar humanistiske/estetiske fag, språkfag, historie, lokalhistorie, kulturarbeid og kunstformidling.

- 4) Omfattar økonomisk/administrative fag, revisjon og leiing av mindre verksemder, landbruksøkonomi, bokbransjefag, helseadministrasjon.
- 5) Omfattar samfunnsfag, offentlig administrasjon, lokalsamfunnet, samfunnsplanlegging, sosialpedagogikk (tidlegare organisasjon og velferd), kristendomskunnskap og kyrkjelydsarbeid (tidlegare kateket- og soknehjelp), trygdefag og sosialarbeiderutdanning, førebyggjande miljøarbeid.
- 6) Omfattar òg økonomi for ingeniørar.
- 7) Omfattar matematikk, databehandling og systemering.
- 8) Omfattar teknisk/naturvitskapelege fag, kjemi og matematikk/kjemi, realfagkombinasjon, vidaregåande petroleumsstudium og boresjefar.
- 9) Omfattar òg naturressursstudier, miljøkunnskap og anvende miljøfag.

Tabell 7.2. Tilgang på fulltidsstudentar¹⁾ ved distriktshøgskolane²⁾ prosentfordelt på studieretningar for ulike år.

| Studieretning | P r o s e n t | | | | | | | |
|--|---------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| | 1972 | 1973 | 1974 | 1975 | 1976 | 1977 | 1978 | 1979 |
| Filologisk og humanistisk/ estetisk ³⁾ | 17.4 | 19.3 | 25.9 | 24.7 | 23.3 | 23.3 | 22.7 | 23.3 |
| Pedagogisk | 5.6 | 6.2 | 4.9 | 5.3 | 4.5 | 4.7 | 4.9 | 4.5 |
| Økonomisk/administrativ ⁴⁾ | 24.2 | 22.8 | 20.8 | 23.3 | 24.4 | 23.2 | 25.5 | 24.1 |
| Samfunnsfagleg ⁵⁾ | 11.8 | 14.4 | 15.9 | 17.8 | 19.0 | 18.9 | 17.5 | 20.8 |
| Media | 3.3 | 2.8 | 1.7 | 1.7 | 1.7 | 1.9 | 1.7 | 1.5 |
| Teknisk/økonomisk ⁶⁾ | 2.3 | 1.8 | 1.1 | 0.9 | 0.9 | 1.2 | 1.0 | 1.6 |
| Matematisk ⁷⁾ | 13.5 | 13.3 | 11.1 | 10.4 | 9.1 | 7.8 | 9.1 | 7.9 |
| Teknisk/naturvit- skapeleg ⁸⁾ | 9.3 | 7.0 | 7.6 | 7.2 | 7.4 | 7.8 | 6.0 | 5.7 |
| Natur- og miljøvern ⁹⁾ | 4.6 | 3.3 | 3.1 | 2.5 | 2.6 | 3.4 | 3.1 | 2.7 |
| Reiseliv | 3.1 | 3.5 | 3.0 | 2.4 | 2.2 | 2.4 | 2.2 | 1.8 |
| Transport- og skipsfarts- fagleg | 4.4 | 5.2 | 4.6 | 3.4 | 3.4 | 3.8 | 4.0 | 3.6 |
| Fiskerifagleg | 0.4 | 0.5 | 0.4 | 0.5 | 0.6 | 0.8 | 1.2 | 1.6 |
| Idrettsfagleg | • | • | • | • | 0.9 | 0.9 | 1.2 | 1.1 |
| S u m | 99.9 | 100.1 | 100.1 | 100.1 | 100.0 | 100.1 | 100.1 | 100.2 |

1) - 9) Sjå tilsvarande fotnoter til tabell 7.1.

Tabell 7.3. Samla tal på fulltidsstudentar ved distriktshøgskolane etter studieretning og år¹⁾.

| Studieretning ¹⁾ | 1972 | 1973 | 1974 | 1975 | 1976 | 1977 | 1978 | 1979 |
|-------------------------------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Filologisk og hum./estetisk | 247 | 294 | 445 | 540 | 537 | 585 | 661 | 755 |
| Pedagogisk | 72 | 95 | 82 | 114 | 100 | 124 | 131 | 148 |
| Økonomisk/administrativ | 660 | 692 | 749 | 975 | 1055 | 1064 | 1199 | 1320 |
| Samfunnsfagleg | 201 | 379 | 454 | 569 | 632 | 686 | 686 | 803 |
| Media | 77 | 79 | 66 | 63 | 72 | 79 | 94 | 83 |
| Teknisk/økonomisk | 30 | 50 | 60 | 61 | 65 | 61 | 69 | 87 |
| Matematisk | 153 | 257 | 310 | 341 | 328 | 326 | 372 | 407 |
| Teknisk/naturvitenskapeleg | 111 | 189 | 265 | 325 | 387 | 367 | 368 | 326 |
| Natur- og miljøvern | 84 | 87 | 85 | 90 | 89 | 117 | 133 | 137 |
| Reiseliv | 40 | 89 | 99 | 102 | 91 | 91 | 103 | 98 |
| Transport og skipsfartsfagleg | 77 | 127 | 153 | 147 | 159 | 162 | 201 | 212 |
| Fiskerifagleg | 5 | 12 | 19 | 22 | 35 | 46 | 46 | 60 |
| Idrettsfagleg | • | • | • | • | 19 | 20 | 30 | 30 |
| S u m | 1828 | 2350 | 2787 | 3349 | 3569 | 3728 | 4093 | 4502 |

1) Sjå fotnoter til tabell 7.1.

Tabell 7.4. Samla tal på fulltidsstudentar ved distriktshøgskolane prosentfordelt på studieretning for ulike år.¹⁾

| Studieretning ¹⁾ | P r o s e n t | | | | | | | |
|-------------------------------|---------------|------|-------|-------|------|------|------|------|
| | 1972 | 1973 | 1974 | 1975 | 1976 | 1977 | 1978 | 1979 |
| Filologisk og hum./estetisk | 13.5 | 12.5 | 16.0 | 16.1 | 15.0 | 15.7 | 16.1 | 16.8 |
| Pedagogisk | 3.9 | 4.0 | 2.9 | 3.4 | 2.8 | 3.3 | 3.2 | 3.3 |
| Økonomisk/administrativ | 36.1 | 29.4 | 26.9 | 29.1 | 29.6 | 28.5 | 29.3 | 29.3 |
| Samfunnsfagleg | 11.0 | 16.1 | 16.3 | 17.0 | 17.7 | 18.4 | 16.8 | 17.8 |
| Media | 4.2 | 3.4 | 2.4 | 1.9 | 2.0 | 2.1 | 2.3 | 1.8 |
| Teknisk/økonomisk | 1.6 | 2.1 | 2.2 | 1.8 | 1.8 | 1.6 | 1.7 | 1.9 |
| Matematisk | 10.0 | 10.9 | 11.1 | 10.2 | 9.2 | 8.7 | 9.1 | 9.0 |
| Teknisk/naturvitenskapeleg | 8.4 | 8.0 | 9.5 | 9.7 | 10.8 | 9.8 | 9.0 | 8.0 |
| Natur- og miljøvern | 4.6 | 3.7 | 3.0 | 2.7 | 2.5 | 3.1 | 3.2 | 3.0 |
| Rieseliv | 2.2 | 3.8 | 3.6 | 3.0 | 2.5 | 2.4 | 2.5 | 2.2 |
| Transport og skipsfartsfagleg | 4.2 | 5.4 | 5.5 | 4.4 | 4.5 | 4.3 | 4.9 | 4.7 |
| Fiskerfagleg | 0.3 | 0.5 | 0.7 | 0.7 | 1.0 | 1.2 | 1.1 | 1.3 |
| Idrettsfagleg | • | • | • | • | 0.5 | 0.5 | 0.7 | 0.6 |
| S u m | 100.0 | 99.8 | 100.0 | 100.0 | 99.9 | 99.6 | 99.9 | 99.7 |

1) Sjå fotnoter til tabell 7.1.

Tabell 7.5. Fulltidsstudentar ved distriktshøgskolane etter skolefylke og år.¹⁾ Studentar i alt og prosentdel kvinner.

| Tal på studentar, prosentdel kvinner | | Skolefylke | | | | | | |
|--|--------------------|------------|------|------|------|------|------|------|
| | | 1973 | 1974 | 1975 | 1976 | 1977 | 1978 | 1979 |
| Østfold | studentar | • | • | • | • | 60 | 131 | 163 |
| | prosentdel kvinner | • | • | • | • | 23.3 | 26.7 | 30.7 |
| Hedmark | studentar | • | • | • | • | • | • | 48 |
| | prosentdel kvinner | • | • | • | • | • | • | 25.0 |
| Oppland | studentar | 213 | 223 | 323 | 296 | 323 | 373 | 355 |
| | prosentdel kvinner | 51.6 | 48.4 | 46.7 | 43.9 | 50.2 | 55.0 | 52.1 |
| Telemark | studentar | 328 | 346 | 450 | 458 | 495 | 507 | 617 |
| | prosentdel kvinner | 26.8 | 30.9 | 33.1 | 34.5 | 37.6 | 37.1 | 42.5 |
| Agder ²⁾ | studentar | 630 | 735 | 813 | 816 | 811 | 910 | 1076 |
| | prosentdel kvinner | 14.3 | 17.0 | 22.8 | 25.4 | 28.0 | 33.8 | 35.1 |
| Rogaland | studentar | 536 | 665 | 783 | 811 | 816 | 806 | 832 |
| | prosentdel kvinner | 16.6 | 23.2 | 24.6 | 27.5 | 29.4 | 28.3 | 27.8 |
| Sogn og Fjordane ³⁾ | studentar | • | • | 40 | 44 | 66 | 91 | 99 |
| | prosentdel kvinner | • | • | 37.5 | 40.9 | 45.5 | 39.6 | 43.4 |
| Møre og Romsdal ⁴⁾ | studentar | 517 | 625 | 661 | 760 | 754 | 846 | 822 |
| | prosentdel kvinner | 23.8 | 29.0 | 27.8 | 29.1 | 31.2 | 30.5 | 28.2 |
| Nordland | studentar | 126 | 193 | 279 | 365 | 381 | 381 | 424 |
| | prosentdel kvinner | 15.1 | 17.1 | 19.7 | 23.8 | 26.2 | 30.4 | 33.5 |
| Finnmark ⁵⁾ | studentar | • | • | • | 19 | 22 | 48 | 66 |
| | prosentdel kvinner | • | • | • | 31.6 | 9.1 | 52.0 | 48.5 |
| S u m | studentar | 2350 | 2787 | 3349 | 3569 | 3667 | 4093 | 4502 |
| | prosentdel kvinner | 22.1 | 25.4 | 27.8 | 29.4 | 32.1 | 34.2 | 34.8 |

- 1) Ex.phil., ingeniør- og lærarutdanningsstudentane er ikkje rekna med i tabellane 7.1 - 7.5.
- 2) I Aust-Agder: Agder ingeniør- og distriktshøgskole, Grimstad. Høgskolen gir òg ingeniørutdanning. I Vest-Agder: Agder distriktshøgskole, Kristiansand. Ex.phil. arrangerast kvart semester.
- 3) Høgskolen i Sogndal gir òg allmenn- og førskolelærarutdanning.
- 4) Distriktshøgskolane i Volda og Molde.
- 5) Ved høgskolen i Alta er det òg allmenn- og førskolelærarutdanning, og faglærarutdanning i husstell/heimkunnskap. Dessutan ex.phil.

ENGLISH SUMMARY

New Entrants (tables 2.1. and 2.2.)

In 1979 the number of new entrants to universities and equivalent institutions in Norway was approximately 10,400, a 14 per cent increase over the previous year.

The definition of new entrants is not consistent, it varies between institutions and subjects. In addition, 42 per cent of the students were registered in preparatory courses in 1979. Therefore it is difficult to say how the first-year students were distributed on subjects.

Our study suggests that the increase in new entrants arose primarily from the growth in the categories "preparatory courses" and natural sciences. Enrollment of first year students in the humanities has apparently stabilized after a decrease between 1975 and 1978. The number of new social science students is slightly higher than in 1978, but it has been about 8-900 every single year since the middle of the seventies. One must go back to the beginning of the seventies to find fewer new law students than in 1978 and 1979.

New Students as Proportions of the Age Groups (tables 2.3. and 2.4.)

The high increase in enrollment during the first half of the seventies was due to a tendency apparent in all age groups to embark on higher education. However the increase was especially strong for the 19, 20 and 21-year olds. The number of new entrants decreased between 1975 and 1977, and grew again until 1978. This pattern stems from corresponding changes in most age groups. Nevertheless the main part of the decrease came from the 19 - 23 year olds and most of the latest increase from movements among the 20 and 21 year olds. The 19, 20 and 21-year olds had the highest proportions of all age groups both in 1966 and 1978.

Age (table 3.1)

In recent years an increasing proportion of first-year students has been 25 years or older; in 1966 constituting 14 per cent, by 1978 24.3 per cent (figures for 1979 are not yet available). In 1978 15.9 per cent of the new female students were aged 30 or older as compared to 11.4 per cent of the new male students.

Total Number of Students (tables 4.1. and 4.2, figures I and II)

In the autumn term 1979 the total number of students enrolled in Norwegian universities and similar institutions was 40,500, or 1,400 more than the year before. This increase is a change in the decreasing trend which

predominated from 1975 to 1978. Moreover, the total enrollment now is just a little lower than it was in 1975, the year in which the number reached a maximum after a continuous increase since 1950. The decrease between 1975 and 1978 can largely be explained by the decline in the number of students in the humanities. The number of humanities students was, however, a little higher in 1979 than in 1978. Nevertheless, the growth in the number of students is primarily due to a rise in students registered in preparatory courses. It also stems from an increase in natural science students.

Between 1970 and 1979 the percentages of students studying natural sciences, engineering, humanities and social sciences have decreased. The decline for each group of subjects is as follows: natural sciences from 19.8 to 12.3, engineering from 11 to 10, humanities from 26.9 to 20.1, and social sciences from 18.2 to 17.1 per cent. The greatest increase is among students in preparatory courses which has grown from 4.6 to 14.6 per cent. Furthermore, there has been a rise in agricultural sciences and veterinary medicine from 2.3 to 2.6 per cent. Medical subjects (including dentistry and pharmacy) had 7.9 per cent of the students both in 1978 and 1979.

Geographical Distribution (table 4.3)

In 1979, 54.6 per cent of the students studied in the Oslo area, 21.5 per cent in Bergen, and 19.6 per cent in Trondheim. 3.9 per cent were enrolled at the University of Tromsø, where students first entered in 1971.

Female Students (tables 6.1 and 6.2)

The proportion of female students has increased regularly since the sixties. In 1979 women constituted 50 per cent of the new entrants at universities and equivalent institutions in Norway, compared to 26.7 in 1960 and 34.7 in 1970. The percentage has risen in almost all subjects. Nevertheless the relative part of women was very low in engineering, with 8.7 per cent in 1979.

Norwegian Students Abroad (tables 2.2 and 4.4)

The statistics concerning Norwegian students abroad include applicants for financial support from the State Educational Loan Fund. The number of new students was about 780 in 1979, which is less than the year before. The total number of Norwegian students abroad was a little more than 2,700 in 1979. This is a small increase from 1978, but it represents a standstill if we ignore the group called "Other Subjects". There is a small decrease in the number of students in engineering and veterinary medicine, and a growth in business administration, which was the largest field of study for Norwegians abroad with about 950 students in 1979. Then follows medicine with a little over 400.

Graduates (tables 5.1 and 5.2)

In 1979 the total number of students graduating from academic institutions in Norway was approximately 4,600. Moreover, almost 700 Norwegians graduated from universities abroad. However, these are as yet preliminary figures that are especially uncertain for the graduates from abroad.

The annual number of graduates from Norwegian institutions of higher education has tripled since 1960 and has increased by one third since 1970. Correspondingly the number of Norwegians graduating each year from foreign universities has declined. Of all Norwegian graduates they constituted close to 30 % in 1960, 16 per cent in 1970 and 13 per cent in 1979.

The disciplinary distribution of graduates at home and abroad for 1979 was as follows: 20.9 per cent in the humanities, 15.7 per cent in engineering, 14.8 per cent in natural science, 10.2 per cent in social science, 10.2 per cent in business administration, 8.8 per cent in medicine, and 7.6 per cent in law.

Women Graduates (table 6.3)

25.1 per cent of the graduates in 1979 were women. 1,300 of these female graduates came from Norwegian institutions of higher education and about 80 from abroad. In 1970, the percentage of women was 15.7.

42.7 per cent of the women graduated in the humanities, approximately 12.7 in social science, 10.6 per cent in natural sciences, and 4.2 in business administration.

Regional Colleges (tables 7.1 through 7.5)

There are twelve Regional Colleges in Norway, the first ones being established in 1969. In 1979 about 2,800 full-time, and an unknown number of part-time new students enrolled in these colleges. The total number of full-time students in the autumn of 1979 was 4,500. Of these, 29 per cent attended commercial and business administration courses, 17 per cent courses in the humanities, and 18 per cent social science courses (21 per cent if pedagogy is included). 34.8 per cent of the students were women, which is a lower percentage than at the universities.

TIDLEGARE UTGÅVER AV MELDINGA

Oversyn over tilgang til akademiske studier vart første gong gitt ut i melding 1958:3. Året etter, og kvart år til og med 1967 kom det ut meldingar som i tillegg viste samla tal på studentar ved norske og utanlandske lærestader. Sidan 1968 har det òg vore tal på uteksaminerte kandidatar i dei årlege meldingane som er lista opp nedanfor. Kvar melding gir ikkje fullstendige tidsrekker. Men ein kan få tal for åra som manglar ved å gå til meldingar for åra før.

- 1968:7 Norske studenter og kandidater ved innenlandske og utenlandske læresteder
- 1969:3 Norske studenter og kandidater ved innenlandske og utenlandske læresteder
- 1970:1 Norske studenter ved innenlandske og utenlandske læresteder
- 1971:3 Norske studenter og kandidater ved innenlandske og utenlandske læresteder
- 1972:3 Norske studenter og kandidater ved innenlandske og utenlandske læresteder
- 1973:4 Norske studenter og kandidater ved innenlandske og utenlandske læresteder
- 1974:2 Norske studenter og kandidater ved innenlandske og utenlandske læresteder
- 1975:5 Norske studenter og kandidater ved innenlandske og utenlandske læresteder
- 1976:8 Norske studenter og kandidater ved innenlandske og utenlandske læresteder
- 1977:3 Norske studentar og kandidatar i 1976
- 1978:2 Norske studentar og kandidatar i 1977
- 1979:1 Norske studentar og kandidatar i 1978